



FINANSTILSYNET

THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY

ÅRSRAPPORT 2021

Finansielt utsyn 2021 og rapportering frå tilsynsområda

Analysar av utviklingstrekk i finansmarknaden blei presenterte i den halvårlege rapporten *Finansielt utsyn* i juni og desember. Rapporteringa frå aktivitetar på tilsynsområda i 2021 blei publisert som separate rapportar i februar 2022.

INNHALD

I	RAPPORT FRÅ LEINGA	4
II	INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	7
III	ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	22
IV	STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	38
V	VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	43
VI	ÅRSREKNESKAP	46



RAPPORT FRÅ LEINGA

RAPPORT FRÅ LEINGA

Finansmarknadene og realøkonomien var også i 2021 prega av koronapandemien. Etter at smitteverntiltaka i hovudsak blei avvikla i september, førte ny smittevekst til at omfattande smitteverntiltak blei gjeninnførte mot slutten av året både i Noreg og internasjonalt. Sjølv om nye nedstengingar påverka delar av økonomien og førte til meir uvisse rundt den vidare utviklinga i pandemien, skapte det ikkje ny uro i finansmarknaden. Globale marknader var prega av sterk prisvekst på eigedom og aksjar, framleis låge risikopremiar og høg gjeldsvekst.

Under pandemien har mange land erfart at aktiviteten tek seg raskt opp igjen når inngripande smitteverntiltak blir avvikla. Det økonomiske tilbakeslaget fekk dermed mindre omfang enn frykta i den første fasen av pandemien. Noreg og fleire andre land har no høg kapasitetsutnytting og ein stram arbeidsmarknad. Høgare prisar på energi og råvarer og flaskehalsar i globale verdikjeder har saman med sterk finans- og pengepolitisk stimulans bidrege til aukande inflasjon. Inflasjonen i USA, Storbritannia og euroområdet er no langt over dei fastsette inflasjonsmåla.

Myndigheiter og marknadsaktørar er meir merksame på faren for at den høge inflasjonen vil halde fram, slik at det blir nødvendig med kraftige renteaukingar og rask nedbygging av dei store obligasjonsbeholdningane til sentralbankane for å halde ved lag tilliten til pengeverdien. Eit slikt scenario kan innebere betydelege kredittap, kraftig fall i prisane på eigedom og finansaktiva og langvarig lågkonjunktur. Finanstilsynet sin stresstest av norske bankar som blei lagd fram i juni, er basert på eit slikt scenario. Stresstesten viste at norske bankar kan bli påførte betydelege tap og svekt soliditet. Den lønnsame drifta og kapitalen som er bygd opp dei siste åra, gir likevel bankane samla sett god evne til å møte ei slik utvikling.

Den økonomiske oppgangen og utviklinga i finansmarknadene bidrog til at norske finansføretak oppnådde gode resultat i 2021. I lys av utviklinga og nye vurderingar av dei økonomiske verknadene av pandemien kunne europeiske og norske myndigheiter i fjor haust oppheve tilrådingane om å avgrense utbytte og anna utdeling. Finanstilsynet understreka samtidig at den reelle soliditeten til bankane ikkje bør svekkjast, slik mellom anna stresstesten viser.

Geopolitisk uro utgjer ein betydeleg risiko for utviklinga i realøkonomien og finansmarknadene i tida framover.

Det russiske angrepet på Ukraina i slutten av februar og dei økonomiske straffetiltaka og andre restriksjonar på økonomisk samkvem som krigen har ført til, kan få vidtrekkande økonomiske og finansielle konsekvensar. Dette understrekar at bankar og andre finansføretak bør ta vare på soliditeten.

Sjølv om norske bankar under eitt har hatt god lønnsemd i fleire år, er det likevel store forskjellar mellom dei. Finansdepartementet avgjorde 23. juni 2021, etter råd frå Finanstilsynet, å avvikle Optin Bank ASA under offentleg administrasjon. Dette var første gongen sidan 1989 at ein norsk bank blei sett under offentleg administrasjon. Bankenes sikringsfond utbetalte garanterte innskot til aktuelle innskyttarar innanfor lovfristen, og samhandlinga mellom Finanstilsynet, sikringsfondet, Noregs Bank og departementet verka godt, i tråd med krava i lovgevinga. Optin Bank er ein liten bank, og krisa i banken fekk ingen negative ringverknader i det finansielle systemet. Hendinga understrekar samtidig kor viktig det er å ha god kriseberedskap, og at Finanstilsynet må ha nok ressursar til å følgje opp og førebyggje kriser også i mindre bankar. Kriser i enkeltbankar av denne typen kan få vesentleg større innverknad på finanssystemet dersom dei oppstår under generelt urolige marknadsforhold.

Norsk skadeforsikringsverksemd har i fleire år hatt svært god lønnsemd. Det er likevel store forskjellar mellom føretaka. Etter at Finanstilsynet hadde følgd Insr Insurance Group ASA tett opp over fleire år, varsla tilsynet 26. juni 2020 at det vurderte å kalle tilbake føretaket sitt løyve til å drive skadeforsikringsverksemd. Bakgrunnen for varselet var vedvarande og alvorlege manglar ved styring og kontroll av verksemda. Etter dette la føretaket fram ein plan for avvikling, og Finanstilsynet godkjende planen på visse vilkår. Forsikringsverksemda var fullt avvikla i januar 2022. Handteringa av dette forsikringsføretaket har kravd mykje ressursar frå Finanstilsynet i fleire år. Sjølv om føretaket berre utgjorde ein liten del av den totale marknaden for skadeforsikring, var ressursbruken nødvendig for å vareta interessene til dei forsikra og tilliten til forsikringsverksemd generelt.

Låg rente og lett tilgang på likviditet globalt har bidrege til stor risikoappetitt både hos profesjonelle investorar og forbrukarar. Det har stimulert etterspurnaden etter eigedom og aksjar generelt, særleg etterspurnaden etter

finansielle instrument med høg risiko og utradisjonelle plasseringar, som kryptovaluta.

Denne søkinga etter avkastning har mellom anna gitt seg utslag i stor aktivitet på Euronext Growth Oslo, ein multilateral handelsfasilitet som er driven av Oslo Børs. Selskapa som blir tekne opp til handel på Euronext Growth Oslo, har typisk langt kortare historikk og meir avgrensa verksemd enn børsnoterte selskap. Mange er nystarta og har ingen eller svært låge driftsinntekter. Investeringar i slike selskap inneber dermed høgare risiko enn investeringar i etablerte børsnoterte selskap. I ein oppheta marknad må investorvernet og den generelle tilliten til verdipapirmarknaden varetakast. I 2021 gjennomførte derfor Finanstilsynet eit tematisyn hos marknadsoperatøren Oslo Børs og i verdipapirforetak og revisjonsselskap som har vore involverte i opptaksprosessar og verdipapirtransaksjonar knytte til utvalde utferdarselskap. Tematisynet avdekte fleire svake punkt, særleg knytte til handteringa av interessekonfliktar hos marknadsoperatøren og verdipapirforetaka.

Sosiale medium er blitt ein viktig arena for diskusjonar og marknadsføring av ulike investeringar, både i regulerte finansielle instrument og i virtuelle valutaer og andre kryptoaktiva. Mange såkalla finfluensarar marknadsfører ulike investeringar, ofte med utgangspunkt i eiga økonomisk interesse. Ein del av denne aktiviteten kan vere konsesjonspliktig, og aktiviteten kan bli ramma av marknadsmisbruksføresegnene i verdipapirlovgivinga. Finanstilsynet har i praksis avgrensa ressursar til å overvake aktiviteten på sosiale medium, og mykje av aktiviteten ligg utanfor mandatet til Finanstilsynet. Gjennom 2021 har tilsynet likevel sett i verk fleire tiltak for å informere publikum og finfluensarar om relevant lovgiving og om investeringsrisikoen.

Cyberrisiko og anna digital sårbarheit er gjenstand for stadig meir internasjonal og nasjonal merksemd. Både pandemien og auka geopolitisk spenning har forsterka behovet for å tryggje den finansielle infrastrukturen og auke beredskapen mot digitale angrep. I Noreg er det etablert god beredskap for å handtere digitale kriser og angrep som ramar finanssektoren, der koordinering mellom dei aktuelle myndigheitene og finansnæringa er eit viktig grunnlag som må haldast ved like og utviklast. Finanstilsynet har likevel avdekt enkelte svake punkt når det gjeld styring og kontroll av IKT-systema i føretaka.

Klimarisiko og overgangen til eit lågutsleppssamfunn påverkar og stiller krav til finansnæringa. Næringa må overvake og forstå kva klimarisikoen har å seie for verksemda deira, og ein må stille krav til openheit og rapportering om klimarisiko. Finanstilsynet har trappa opp aktiviteten på dette området. Tilsynet la i desember mellom anna fram ein analyse av klimarisikoen i norske bankar.

Finanstilsynet har i 2021 i hovudsak løyst oppgåvene i tråd med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet og egne planar, sjølv om smitteverntiltak og ekstraordinære oppgåver knytte til pandemien til ein viss grad har påverka drifta. Enkelte prosessar har teke lengre tid

enn planlagt, slik at oppgåver som skulle ha vore utførte i 2021, først kan fullførast i 2022. Finanstilsynet har digitalisert verksemda ytterlegare og har lagt eit godt grunnlag for å vidareføre dette arbeidet i åra framover. Det vil bidra til auka effektivitet og kvalitet i utføringa av samfunnsoppdraget. Den store veksten i oppgåver vil likevel gjere det vanskeleg å halde oppe eit forsvarleg nivå på tilsynsverksemda i tida framover utan meir midlar til å tilsetje fleire medarbeidarar.

Verksemda til Finanstilsynet og rammene for denne har endra seg mykje dei siste åra, særleg som følgje av ny europeisk lovgiving og tilsynssamarbeid i EØS. Erfaringane har vist at det er behov for ein gjennomgang av finanstilsynslova av 1956. Det er mellom anna behov for ei nærmare avklaring av krava om at Finanstilsynet skal vere uavhengig, og krava til arbeidsdelinga mellom departementet og tilsynet. I januar 2020 tok Finanstilsynet derfor initiativ til å setje ned eit utval for å gjennomgå finanstilsynslova. I september 2021 oppnemnde regjeringa eit slikt lovutval. Utvalet skal leggje fram utgreiinga si innan 1. desember 2022. Finanstilsynet ser fram til utkoma av dette arbeidet.


Oslo, 28. februar 2022



Finn Arnesen
styreleiar



Morten Baltzersen
finanstilsynsdirektør



INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Rolla og oppgåvene til Finanstilsynet

Finanstilsynet er eit sjølvstendig myndigheitsorgan som arbeider med grunnlag i lover og vedtak frå Stortinget, regjeringa og Finansdepartementet. Finanstilsynet deltek òg i eit omfattande internasjonalt samarbeid. Gjennom EØS-avtalen blir finansmarknadsregelverket til EU gjennomført i norsk rett.

Gjennom tilsyn med føretak og marknader skal Finanstilsynet bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader og til at brukarane kan ha tillit til at finansielle avtalar og tenester blir følgde opp slik dei skal.

Finanstilsynet kontrollerer korleis føretaka driv verksemda i finansmarknaden, om dei er solide og kan tole skiftande økonomiske forhold, og om dei har eit akseptabelt risikonivå.

Lovgrunnlag

Finanstilsynet sitt formål etter finanstilsynslova § 3:

«Tilsynet skal se til at de foretak det har tilsyn med, virker på hensiktsmessig og betryggende måte i samsvar med lov og bestemmelser gitt i medhold av lov samt med den hensikt som ligger til grunn for foretakenes opprettelse, dens formål og vedtekter. Tilsynet skal se til at foretakene under tilsyn i sin virksomhet ivaretar forbrukernes interesser og rettigheter.»

Strategi

Kvart fjerde år gjennomgår Finanstilsynet strategien for verksemda. Strategien er eit viktig grunnlag for løpande prioritering og styring av verksemda til tilsynet. Saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er strategien utgangspunktet for dei årlege planane for verksemda. Strategien for perioden 2019–2022 blei fastsett av styret 18. desember 2018.

Hovudmål

Hovudmålet til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

Delmål 2019–2022

I strategien for 2019–2022 er det formulert seks delmål, slik at ein lettare kan operasjonisere hovudmåla og evaluere verksemda. Delmåla er nytta i rapporteringa av måloppnåing i 2021, sjå omtale i kapittel III. Dette er delmåla:

1. Solide og likvide finansføretak
2. Robust infrastruktur
3. Investorvern
4. Forbrukarvern
5. Effektiv krisehandtering
6. Kampen mot kriminalitet

Verkemiddel

Verksemda til Finanstilsynet er omfattande, og ulike verkemiddel bidreg til å oppfylle måla til tilsynet. Verkemidla blir nytta enkeltvis eller i kombinasjon og kan delast inn i fire hovudgrupper:

- Tilsyn, overvaking og kontroll
- Forvaltning
- Regelverksutvikling
- Informasjon og kommunikasjon

Leiing

Styret i Finanstilsynet har det overordna ansvaret for verksemda i Finanstilsynet. Styret hadde ved utgangen av 2021 fire medlemmer, éin varamedlem og to tilsette-representantar. Finansdepartementet oppnemner medlemmene og varamedlemmene for ein periode på fire år. Varamedlemmene deltek fast på styremøta. Dei to tilsettere-representantane er valde av og blant dei tilsette, og dei deltek i styrebehandlinga av administrative saker. I tillegg deltek éin observatør frå Noregs Bank, som òg er oppnemnd av Finansdepartementet. Frå 1. mars 2018 er Finn Arnesen styreleiar i Finanstilsynet.

Den daglege leiinga blir utført av finanstilsynsdirektøren, som er oppnemnd på åremål for seks år om gongen. Morten Baltzersen har vore finanstilsynsdirektør sidan 15. august 2011. Han tok til på det andre åremålet i august 2017. Leiargruppa i Finanstilsynet består av finanstilsynsdirektøren, avdelingsdirektørane for tilsynsavdelingane og administrasjonsavdelinga, juridisk direktør og kommunikasjonsdirektøren.



FINANSTILSYNET
THE FINANCIAL SUPERVISORY
AUTHORITY OF NORWAY



Styret

Finn Arnesen

leiar

professor ved Nordisk institutt for sjørett,
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Giuditta Cordero-Moss

nestleiar

professor ved Institutt for privatrett,
Det juridiske fakultet, Universitetet i Oslo

Mette Bjørndal

styremedlem

professor ved Institutt for føretaksøkonomi,
Noregs Handelshøgskole

Arne Skauge

styremedlem

pensjonist, tidlegare administrerende direktør
i Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH)

Thorunn Falkanger

første varamedlem

førstelektor ved Institutt for rettsvitenskap
og styring, Handelshøgskolen BI

Sindre Weme

observatør

direktør i bankanalyse i Noregs Bank

Ylva Søvik

varaobservatør

assisterende direktør i bankanalyse i
Noregs Bank

Kjetil Wibe, advokat ved Advokatene
Rege & Wibe, var styremedlem fram til
12. februar 2021.

Bjørn Arild Gram, tidlegare styreleiar i KS, var
andre varamedlem fram til 14. oktober 2021,
då han blei oppnemnd til kommunal- og
distriktsminister.

Representantar for dei tilsette:

Øystein Endal, tilsynsrådgivar (frå 10. mai 2021)

Alfred Ødegård, tilsynsrådgivar
(frå 1. oktober 2021)

Vararepresentantar var seniorrådgivar **Astrid
Rindal** og tilsynsrådgivar **Linn Therese
Jørgensen**.

Tilsynsrådgivar **Torunn Moe** var representant for
dei tilsette fram til 30. september 2021.

I 2021 hadde styret elleve ordinære styremøte.
Styret avgjorde 25 administrative saker og
52 fagsaker. I tillegg fekk styret 24 administrative
saker og 45 fagsaker til skriftleg orientering.
Styret får òg munnleg orientering om aktuelle
saker.

Frå venstre:
Mette Bjørndal
Astrid Rindal
Ylva Søvik
Arne Skauge
Giuditta Cordero-Moss
Alfred Ødegård
Thorunn Falkanger
Finn Arnesen

Foto:
Jarle Nytingnes



Leiargruppa

Morten Baltzersen
finansstilsynsdirektør

Ann Viljugrein
direktør for bank- og forsikringstilsyn

Anne Merethe Bellamy
direktør for marknadstilsyn

Per Mathis Kongsrud
direktør for digitalisering og analyse

Cecilie Ask
juridisk direktør

Nina Moss
administrasjonsdirektør

Lisbeth Strand
kommunikasjonsdirektør

Frå venstre:
Anne Merethe Bellamy
Lisbeth Strand
Ann Viljugrein
Morten Baltzersen
Per Mathis Kongsrud
Cecilie Ask
Nina Moss

Foto:
Jarle Nytingnes

Konsesjonspliktige føretak under tilsyn

- bankar
- finansieringsføretak
- kredittføretak
- sparebank- og finansstiftingar
- gjeldsinformasjonsføretak
- betalingsføretak
- e-pengeføretak
- opplysningsfullmektigar
- forsikringsføretak
- forsikringsformidlarar
- pensjonsføretak
- marknadsoperatørar, inkl. børsar
- sentrale motpartar
- verdipapirsentralar
- verdipapirføretak
- forvaltningsselskap for verdipapirfond
- forvaltarar av alternative investeringsfond
- revisorar og revisjonsføretak
- rekneskapsførarar og rekneskapsførarføretak
- eigedomsmeklarar og eigedomsmeklingsføretak
- inkassoføretak
- administratorar av finansielle referanseverdier

Andre tilsynsoppgåver

- krisehandteringsmyndigheit
- makrotilsyn og -regulering
- kontroll med prospekt
– omsetjelege verdipapir
- kontroll av finansiell rapportering frå noterte føretak
- tilsyn med handel og marknadsåtfærd i verdipapirmarknaden
- tilsyn med ulike sider av derivatmarknaden
- tilsyn med låneformidlingsføretak
- tilsyn med IT og system for betalingstenester og finansiell infrastruktur
- etterleving av kvitvaskingsregelverket for mellom anna tilbydarar av verksemdstenester og tilbydarar av vekslings- og oppbevaringsstenester for virtuell valuta, i tillegg til føretak under tilsyn

Personale og organisasjon

Finanstilsynet hadde ei utskifting på 10,7 prosent i 2021, opp frå 7,3 prosent i 2020. Tilsynet har hatt vekst i rekrutteringa i fleire år og hadde i 2021 45 kunngjeringar av ledige stillingar. Fleire av stillingane er blitt lyste ut fleire gonger, og nokre av prosessane blir avslutta i 2022. Finanstilsynet profilerer seg overfor målgruppene vi rekrutterer frå, og nyttar alternative rekrutteringsmetodar for å kunne skaffe oss den rette kompetansen. På enkelte fagområde har det vore vanskeleg å rekruttere kvalifisert kompetanse.

Verksemda til Finanstilsynet krev både tverrfagleg kompetanse og spisskompetanse på dei ulike tilsyns-områda. Dei største utdanningsgruppene er samfunns- og siviløkonomar, juristar og revisorar. Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å vidareutvikle organisasjonen i tråd med nasjonale føringar og eigne behov. Vi legg vekt på tiltak for å rekruttere, behalde og vidareutvikle dyktige medarbeidarar og leiarar. Vi legg òg vekt på intern mobilitet for å auke den totale kompetansen om verksemda.

Lønna til direktøren var 1 770 000 kroner ved utgangen av 2021. Fast årleg honorar til styreleiaren var 295 200 kroner, til nestleiaren 199 400 kroner og til styremedlemmene 172 700 kroner. Til første varamedlem var honoraret 145 300 kroner, og til andre varamedlem var det 121 800 kroner.

Fakta

Finanstilsynet hadde 310 faste stillingar ved utgangen av 2021, mot 308 året før. Ved utgangen av 2021 hadde Finanstilsynet 326 tilsette, mot 323 ved utgangen av 2020. Dette inkluderer korttids-engasjement / timelønna personar. Talet på avtalte årsverk var 301,5 ved utgangen av 2021, mot 297 eitt år tidlegare. Avtalte årsverk er berekna ut frå talet på arbeidsavtalar totalt. Fråvær er ikkje trekt frå. Talet på utførte årsverk var 294 ved utgangen av 2021, mot 292 ved utgangen av 2020. Her er fråvær trekt frå og overtid/ekstratimar inkludert. Finanstilsynet hadde ingen tilsette i ufrivillig deltidsarbeid i 2021. Arbeidstakarar som ikkje er fast tilsette, er anten vikarar eller timelønna personar (studentar og pensjonistar).

Tabell 1: Antal årsverk per 31.12.2021

Kjelde: SAP

	Avtalte årsverk	Utførte årsverk
Administrasjonsavdelinga	29,0	27,6
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	94,0	91,5
Avdeling for digitalisering og analyse	70,1	67,7
Avdeling for marknadstilsyn	96,0	95,0
Kommunikasjonsstaben	8,0	7,7
Finanstilsynsdirektøren m/stab	4,4	4,6
Totalt	301,5	294,0

Tabell 2: Hovudtal frå årsrekneskapen


	2020	2021
Tal på utførte årsverk	292	294
Samla tildeling (post 01–99)	kr 467 639 000	kr 467 446 000
Utnyttingsgraden på post 01–29	97,5 %	96,9 %
Sum utbetalingar til drift	kr 449 131 619	kr 448 068 709
Lønnsdel av utbetalingar til drift	75,2 %	75,9 %
Lønnsutgifter per utførte årsverk	kr 1 156 734	kr 1 156 568

«Lønnsutgifter per årsverk» er summen av lønn, arbeidsgivaravgift, pensjonsutgifter og andre ytingar, som velferd og personforsikringar. Før summen blir delt på årsverk, blir refusjonar som gjeld lønn, trekte frå. Sjå òg kapittel VI Årsrekneskap, note 2: Utbetalingar til lønn, på side 52.

Alderssamansetnad

Figur 1: Alderssamansetnaden i Finanstilsynet

Kjelde: Finanstilsynet/SAP



Tabell 3: Alderssamansetnad fordelt på avdelingane (i prosent)

Kjelde: SAP


Avdeling	29 år og under	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60 år og over
Administrasjonsavdelinga	12	22	19	25	22
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	10	24	18	29	18
Avdeling for digitalisering og analyse	12	21	21	33	12
Avdeling for marknadstilsyn	11	18	38	25	8
Kommunikasjonsstaben	-	-	25	50	25
Finanstilsynsdirektøren m/stab	-	-	-	50	50
Alderssamansetnaden totalt i Finanstilsynet	11	20	25	29	14

Figuren viser alderssamansetnaden blant dei tilsette i Finanstilsynet. Tala inkluderer fast tilsette, mellombels tilsette, åremålsstillingar og timelønna personar – uavhengig av stillingsprosent.

Kjønnsamansetnad

Figur 2: Kjønnsamansetnaden i Finanstilsynet

Kjelde: Finanstilsynet/SAP



Tabell 4: Kjønnsamansetnad fordelt på avdelingane (i prosent)

Kjelde: SAP

Avdeling	Kvinner	Menn
Administrasjonsavdelinga	81	19
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	51	49
Avdeling for digitalisering og analyse	36	64
Avdeling for marknadstilsyn	47	53
Kommunikasjonsstaben	38	62
Finanstilsynsdirektøren m/stab	50	50
Kjønnsamansetnaden totalt i Finanstilsynet	49	51

Tabell 5: Kjønnsbalanse for heile Finanstilsynet og på avdelingsnivå

Kjelde: SAP per 31.12.2021

Avdeling	Alle tilsette		Mellombels tilsette (vikarar)		Timelønna personar (studentar og pensjonistar)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Administrasjonsavdelinga	26	6	1	0	1	0
Avdeling for bank- og forsikringstilsyn	50	49	1	1	4	1
Avdeling for digitalisering og analyse	27	48	1	2	4	1
Avdeling for marknadstilsyn	51	57	0	1	7	2
Kommunikasjonsstaben	3	5	0	0	0	0
Finanstilsynsdirektøren m/stab	2	2	0	0	0	0
Sum heile Finanstilsynet	159	167	3	4	16	4

Likestilling og mangfald

Finanstilsynet har ei jamn kjønnsfordeling mellom kvinner og menn totalt i verksemda. Det er ei overvekt av kvinner i leiarstillingar (direktørar). Blant saksbehandlarane er det fleire menn, medan det blant administrativt personale er fleire kvinner. Kjønnsfordelinga i tilsynet var 51 prosent menn og 49 prosent kvinner per 31. desember 2021. Ved utgangen av 2021 var det fem kvinner og to menn i leiargruppa, medrekna finanstilsynsdirektøren. Blant seksjonssjefane var fordelinga 55 prosent menn og 45 prosent kvinner.

Gjennomsnittsløna for kvinner var 94,2 prosent av lønna til menn. Finanstilsynet vurderte i 2021 lønnsforskjellane, og statistikk med lønnsforskjellar blei mellom anna teken opp med dei tillitsvalde i samband med det lokale lønnsoppgjeret hausten 2021. Den gjennomsnittlege tida på foreldrepermisjonar i 2021 var 23,1 veker for kvinner og 17,7 veker for menn.

I Finanstilsynet er vi opptekne av å fremje mangfald, og alle kvalifiserte kandidatar blir oppfordra til å søkje jobb i verksemda. I 2020 utarbeidde tilsynet ein handlingsplan for å auke bevisstheita om inkluderingsdugnaden og arbeidet mot diskriminering. I 2021 auka antalet tilsette med innvandrarakgrunn. Av dei nytilsette i 2021 hadde 15 prosent innvandrarakgrunn.

For Finanstilsynet er det viktig å leggje til rette for at tilsette som har, eller som får, nedsett funksjonsevne, kan halde fram med å arbeide. Vi legg til rette både fysisk og digitalt.

I krav til underleverandørar har Finanstilsynet også tidlegare utarbeidd eit standardvedlegg til alle avtalar, «Samfunnsansvar og etiske retningslinjer». Der står det at det ikkje skal vere nokon former for diskriminering i arbeidslivet.

Finanstilsynet har varslingsrutinar tilgjengeleg på intranettet for korleis dei tilsette kan melde frå om mobbing, trakassering eller andre kritikkverdige forhold. Dei tilsette kan òg melde frå om dette i medarbeidarundersøkingar.

Tabell 6: Kvinner sin del av lønna til menn i 2021

Kjelde: SAP per 31.12.2021

Stillingskode	Kvinner sin del av lønna til menn	Antal kvinner	Antal menn
1062 Direktør (ekskl. finanstilsynsdirektøren)	96,1 %	5	1
1211 Seksjonssjef	97,1 %	9	11
1364 Seniorrådgivar (inkl. tilsynsrådgivarar og senior tilsynsrådgivarar)	94,5 %	100	124
1434 Rådgivar	99,8 %	20	12
1408 Førstekonsulent	99,1 %	9	10

(Andre stillingskodar og timelønna personar – inkludert studentar og pensjonistar – inngår ikkje.)

Sjukefråvær

Sjukefråværet er lågt i Finanstilsynet, og det var ein liten auke i sjukefråværet frå 2020 til 2021, frå 3,0 prosent til 3,1 prosent. Sjukefråværet i 2021 var høgare for kvinner enn for menn. Finanstilsynet har i fleire år hatt eit mål om maksimalt 3,5 prosent sjukefråvær. Dette målet blei dermed nådd for 2021. Finanstilsynet er ei IA-verksemd og følgjer opp langtidssjukmelde og set om nødvendig inn tiltak mot hyppig korttidsfråvær.

Finanstilsynet har gjennom heile koronapandemien lagt til rette for heimekontor, mellom anna med digitalt utstyr og andre hjelpemiddel, for å bidra til eit mest mogleg velfungerande heimekontor.

Tabell 7: Kjønnsdelt oversikt over samla sjukefråvær

Kjelde: SAP per 31.12.2021

Samla sjukefråvær i 2021	
Kvinner	4,7 %
Menn	1,6 %
Begge kjønn	3,1 %

Dokumentbehandling


Talet på registrerte saksdokument til og frå Finanstilsynet gjekk ned med 3692 frå 2020 til 2021.

Figur 3 viser talet på dokument per tilsynsområde. Det var ein nedgang på alle områda med unntak av verdipapirområdet, som hadde ein liten auke frå året før. Frå 2019 til 2020 var det ein større auke, mellom anna på grunn av koronapandemien og det auka behovet for ekstraordinære rapporteringar.

Dokumentinnsyn hos Finanstilsynet

I 2021 fekk Finanstilsynet førespurnad om innsyn i til saman 4229 dokument. Det var ein auke frå 3777 dokument i 2020. 2363 dokument blei ikkje utleverte fordi dei var heilt unnatekne frå offentleg innsyn. Dei fleste innsynsbestillingane kjem via den offentlege elektroniske postjournalen elInnsyn.no, som er felles for alle statlege etatar.

Figur 3: Dokumentbehandling



	2019	2020	2021
Saksdokument totalt	50 737	55 985	52 293

Kommunikasjon

Kommunikasjonstiltaka til Finanstilsynet rettar seg i første rekkje mot føretaka og bransjane som Finanstilsynet har tilsyn med, men òg mot ulike myndigheiter, media og allmenta.

Finanstilsynet har eit omfattande kontaktnett og eit godt samarbeid med andre myndigheiter i Noreg og i EØS-landa, og med ulike bransje- og interesseorganisasjonar. Tilsynet har òg faste møte med dei største føretaka under tilsyn. Finanstilsynet gjennomfører brukarundersøkingar hos føretak under tilsyn med jamne mellomrom, og årlege omdømmemålingar hos allmenta.

Finanstilsynet har mange tilsynsområde som er regulerte av omfattande regelverk, og behandlar komplekse saksforhold som krev tydeleg og konsekvent formidling frå tilsynet. Det norske regelverket er i stor grad harmonisert med regelverket i EU/EØS. Det er eit aukande behov for god rettleiing til føretak under tilsyn om tolking og etterleving av regelverket på dei ulike tilsynsområda. Finanstilsynet arrangerte i 2021 ei rekke webinar med rettleiing til føretak om regelverk og rapportering.

Ny kommunikasjonsstrategi

I 2021 vedtok Finanstilsynet ein ny kommunikasjonsstrategi for verksemda. Denne strategien skal støtte opp under måla i den overordna strategien til tilsynet. I kommunikasjonsstrategien er nettstaden til Finanstilsynet og forbrukarinformasjon to prioriterte utviklingsoppgåver for tilsynet. Strategien presenterer fem krav til kommunikasjonen:

- Finanstilsynet skal vere open om vurderingar, tilsynspraksis, data og vedtak.
- Kommunikasjonen skal vere tilpassa føresetnadene og behova til målgruppene.
- Finanstilsynet skal vere konsistent og påliteleg i kommunikasjonen.
- Nettstaden til Finanstilsynet skal vere tilpassa behovet til brukarane.
- Finanstilsynet skal ha god intern kommunikasjon.

Mediedekning

Rapportane og analysane til Finanstilsynet på dei ulike tilsynsområda får generelt god mediedekning. Dei halvårlege makroøkonomiske analysane i rapporten *Finansielt utsyn* og den årlege bustadlånsundersøkinga får mykje merksemd. Våren 2021 dekte media mellom anna lovbrotsgebyr som Finanstilsynet gav fleire føretak for brot på kvitvaskingsregelverket. Nye tema som fekk meir merksemd i 2021, var hushalda si eksponering mot aksjemarknaden, Finanstilsynet sine åtvaringar mot investeringsråd på sosiale medium om investering i kryptovaluta og påminninga frå tilsynet om at såkalla finfluensarar òg må følgje regelverket om marknadsmisbruk.

Finanstilsynet får fleire hundre førespurnader frå media kvart år, og medieovervakinga viste at tilsynet var nemnt i over 4000 oppslag i 2021. Finanstilsynet arrangerte fire pressekonferansar i 2021. Desse blei òg overførte på nett-TV.

Tabell 8: Oversikt over føretak under tilsyn per 31. desember 2021

	2017	2018	2019	2020	2021
Bankar	126	126	122	118	117
Finansieringsføretak	24	28	30	28	29
Kredittføretak	33	33	32	31	31
Filialar i utlandet av norske bankar og andre kredittinstitusjonar	18	12	16	16	15
Filialar i Noreg av utanlandske bankar og andre kredittinstitusjonar	39	35	32	34	35
Sparebank- og finansstiftingar	33	33	34	34	39
Betalingsføretak	19	16	15	30	33
E-pengeføretak	7	6	6	6	6
Vekslings- og oppbevaringsteneste for virtuell valuta ¹			6	10	9
Låneformidlingsføretak	5	11	13	11	12
Opplysningsfullmektigar ²			0	0	1
Livsforsikringsføretak	12	12	11	12	11
Skadeforsikringsføretak, inkl. brannkassar	58	56	55	52	51
Sjøtrygdslag	6	5	5	5	5
Filialar i utlandet av norske forsikringsføretak	13	8	15	14	14
Filialar i Noreg av utanlandske forsikringsføretak	29	28	29	30	32
Forsikringsformidlingsføretak ³	107	101	112	107	111
Private pensjonskassar	47	50	50	49	48
Kommunale pensjonskassar	37	37	37	35	34
Innskotspensjonsføretak	1	1	1	1	1
Pensjonsfond	1	1	1	1	1
Holdingsføretak	13	15	15	11	11
Verdipapirføretak	106	96	101	97	95
Filialar i Noreg av utanlandske verdipapirføretak	19	22	23	16	18
Forvaltningsselskap for verdipapirfond	29	29	29	29	29
Forvaltarar av alternative investeringsfond	37	40	40	47	50
Registrerte forvaltarar av alternative investeringsfond	110	107	126	154	184
Sentrale motpartar (tidlegare oppgjersentralar) ⁴	–	–	–	–	–
Verdipapirsentralar	1	1	1	1	1
Marknadsoperatørar, inkl. børsar	4	4	4	4	4
Administratorar av finansielle referanseverdier ⁵	1	1	1	1	6
Revisorar	7 807	7 933	8 128	8 365	8 417
Revisjonsføretak	447	447	458	461	458
Rekneskapsførarar	11 350	11 606	11 626	11 852	12 093
Rekneskapsførarføretak	2 827	2 772	2 715	2 728	2 779
Eigedomsmeklarføretak	510	506	504	527	537
Advokatar med eigedomsmekling i eigen praksis	1 160	1 056	951	880	853
Framandinkassoføretak	99	101	93	90	81
Oppkjøpsføretak – inkasso	7	8	4	5	5
Gjeldsinformasjonsføretak ⁶			3	3	3

¹ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

² Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

³ Forsikringsagentføretak som distribuerer forsikringar berre for forsikringsføretak med kontorstad i Noreg, er ikkje inkluderte i denne oversikta. Aksessoriske forsikringsagentar, det vil seie føretak som har forsikringsformidling som ei sideverksemd, er heller ikkje inkluderte.

⁴ Etter ei endring i verdipapirhandellova 1. juli 2017 og med innføringa av den europeiske marknadsinfrastrukturforordninga (EMIR) er ikkje lenger utanlandske sentrale motpartar under tilsyn av Finanstilsynet. Sentrale motpartar kan likevel halde fram med å drive verksemd i Noreg i kraft av å ha løyve etter EMIR frå myndigheita i heimlandet.

⁵ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2017.

⁶ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

Finanstilsynet hadde ved utgangen av 2021 i tillegg kontroll med den finansielle rapporteringa til 288 noterte føretak og tilsyn med 434 verdipapirfond.

Tabell 9: Stadlege tilsyn fordelte på føretakstypar – inkludert IT-tilsyn

	2017	2018	2019	2020	2021
Bank og finans	42	35	64	35	31
Betalingsføretak og e-pengeføretak	–	2	2	0	3
Livsforsikringsføretak	7	4	3	2	3
Skadeforsikringsføretak	9	6	4	6	6
Forsikringsformidlingsføretak	5	1	3	1	2
Pensjonsføretak	3	1	4	2	3
Verdipapirføretak	12	14	13	8	17
Forvaltningsselskap for verdipapirfond, AIF-forvaltarar og depotmottakarar	–	2	3	4	5
Infrastrukturføretak og handelsplassar	3	4	4	1	2
Revisjonsføretak	41	16	13	19	22
Rekneskapsførarar	57	63	47	28	25
Eigedomsmeklarar	25	21	16	12	15
Inkassoføretak	6	4	0	6	5
Gjeldsinformasjonsføretak ¹			0	0	3
Vekslings- og oppbevaringstenester for virtuell valuta ²			0	4	2


¹ Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

² Ny gruppe føretak under tilsyn frå 2019.

Organisasjonen

Per 31.12.2021





ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Verksemda til Finanstilsynet var i 2021 framleis prega av pandemien. Dei negative verknadene på den økonomiske aktiviteten og den store uvissa innebar framleis ein stor tapsrisiko for finansføretaka. Derfor var det viktig å følgje opp soliditeten og likviditeten blant føretaka.

Finanstilsynet har hatt tett kontakt med Finansdepartementet, Noregs Bank og andre myndigheitsorgan gjennom pandemien. Finanstilsynet hadde i 2021 framleis hyppig rapportering til Finansdepartementet og andre offentlege myndigheiter om situasjonen i marknadene og om handteringa av koronapandemien.

Finanstilsynet samarbeider med andre myndigheiter både globalt og innanfor EØS om tilsynet med finansmarknadene og finansføretak. Det har vore løpande samarbeid særleg med dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene for bank-, forsikrings- og verdipapirområdet (EBA, EIOPA og ESMA) i 2021, med hyppige digitale møte for å koordinere fellestiltak og oppfølging av føretaka. Det har òg vore hyppige møte i det europeiske rådet for systemrisiko (ESRB) og i tilsynskollegia.

Eit viktig formål med tilsynssamarbeidet på tvers av landegrensene er å kunne identifisere risikofaktorar i føretak og rørsler i den internasjonale finansmarknaden på eit tidleg tidspunkt. Tilsynssamarbeidet gjer det òg mogleg å setje i verk samordna tiltak for å redusere risiko og handtere kriser. Dette har vore svært viktig i handteringa av finansmarknadene under koronakrisa. Detaljar kring det internasjonale arbeidet i 2021 er omtalte i rapporten *Internasjonalt samarbeid*, som er publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Sjå òg detaljerte rapportar om dei enkelte tilsynsområda på finansstilsynet.no.

Rapportering av måloppnåing

Samfunnsoppdraget og hovudmålet til Finanstilsynet er å bidra til finansiell stabilitet og velfungerande marknader. I strategien for 2019–2022 er det formulert seks strategiske delmål. Rapporteringa av måloppnåinga er systematisert etter desse delmåla.

Verksemdsplanen og resultatmåla for 2021 blei fastsette under koronapandemien, med usikre framtidsutsikter og under føresetnad av at pandemien ville vere over i løpet av 2021. Føresetnadene for å nå måla var ganske usikre i den perioden, og den vedvarande koronapandemien og smitteverntiltaka førte til at det var behov for fleire omprioriteringar gjennom året. Etter kvart som pandemien har drege ut i tid, har Finanstilsynet måtta justere planar og omprioritere aktivitetar for å kunne følgje opp konsekvensane for finanssektoren og tilsynet si eiga verksemd og samtidig gjennomføre dei planlagde og løpande tilsynsaktivitetane i så stor grad som mogleg.

På grunn av dei nasjonale og kommunale smitteverntiltaka var det ikkje mogleg å gjennomføre fysiske stadlege tilsyn som planlagt, og aktiviteten blei noko redusert trass i gode digitale verktøy og lågt sjukefråvær i 2021. Vidare har ei rekkje enkeltsaker og utgreiingsoppgåver kravd meir ressursar enn venta. Oppfølging

av koronapandemien og arbeidssituasjonen for medarbeidarane har òg medført omprioriteringar i planlagde utviklingsoppgåver.

I tillegg til å følgje opp tilsynsoppgåvene har Finanstilsynet brukt mykje ressursar på utgreiingar og på regelverksarbeid for Finansdepartementet.

Finansdepartementet har delegert kompetanse til Finanstilsynet til å gjennomføre kommisjonsdelegerte rettsakter (nivå 2-regelverk). Det omfattar ei stor mengd forordningar. Dette er òg ressurskrevjande oppgåver som går ut over tilsynsoppgåvene.

Delmål 1 Solide og likvide finansføretak

Solide og likvide finansføretak er ein føresetnad for stabiliteten i det finansielle systemet. Føretaka må vere i stand til å oppfylle pliktene sine overfor kundane og halde i gang viktige samfunnsfunksjonar. Finanstilsynet vurderer risikoen for ustabilitet i det finansielle systemet og bruker verkemiddel for å redusere systemrisiko basert på informasjon frå tilsyn med enkeltføretak og den makroøkonomiske overvakinga. Gjennom konsesjonskrav, kapital- og likviditetskrav og løpande tilsyn bidreg Finanstilsynet til at føretaka har god soliditet og robust finansiering, eigna leiing og fullgod risiko- og verksemdsstyring. I tillegg gir Finanstilsynet råd til politiske myndigheiter om soliditets- og likviditetskrav og andre tiltak som bidreg til å redusere risikoen i det finansielle systemet.

Finanstilsynet følgjer opp likviditetssituasjonen til finansføretaka og ser mellom anna på om dei rettar seg etter minstekravet til likviditetsbuffer og andre likviditets- og finansieringsindikatorar. Føretaka sine egne vurderingar av likviditets- og finansieringsrisikoen blir òg gjennomgått i samband med tilsynsvurderinga av risiko og kapitalbehov (SREP) og i samband med stadlege tilsyn.

Tilsynet utarbeider regelmessig analysar av soliditets- og likviditetssituasjonen i bankar og kredittføretak og av resultatutviklinga i finansieringsføretak, kredittføretak, enkeltbankar og den samla banksektoren. Offentlege versjonar av analysane er tilgjengelege på nettstaden til Finanstilsynet.

Etter ei betydeleg svekking av resultatata til bankane i 2020, i stor grad som følgje av høgare utlånstap og svakare netto renteinntekter etter utbrotet av pandemien, betra lønnsmda til bankane seg i 2021. Årsaka til resultatforbetringa var i hovudsak låge utlånstap, påverka av enkelte store tilbakeføringar av tapsavsetnader i nokre av dei største bankane. Éin bank som hadde utfordringar før pandemien, blei sett under offentleg administrasjon i juni 2021. Ved utgangen av 2021 tilfredsstilte alle bankane dei gjeldande kapitalkrava.

Koronapandemien har hatt avgrensa negativ effekt på resultatata i forsikrings- og pensjonsføretaka. Alle føretaka hadde tilfredsstillande solvenskapitaldekning.

Finanstilsynet meiner at tilsynet har bidrege til solide og likvide finansføretak gjennom tiltaka og aktivitetane som blei gjennomførte i 2021. Finanstilsynet har mellom anna

- gitt råd til Finansdepartementet om kva for finansføretak som skal reknast som systemviktige i Noreg
- hatt tilsyn knytte til soliditeten, likviditeten og risikohandteringa i føretaka, og mellom anna vurdert kredittpraksis og tapsavsetnader (På grunn av koronapandemien blei dei fleste stadlege tilsyna gjennomførte digitalt.)

- fastsett eit rundskriv om bankane sine modellar for å berekne kapitalkrav (IRB-modellar) som tydeleggjer Finanstilsynet si praktisering av IRB-regelverket
- gått gjennom og vurdert modellane i tre bankar som har egne IRB-modellar (gjennomført tre tilsyn knytte til bankane sine interne modellar for å berekne kapitalkrav for kredittrisiko)
- arbeid med ei ny og digital analyseløysing for risikovurdering av bankar
- gjort soliditets- og likviditetsvurderingar (SREP) og fatta pilar 2-vedtak¹ for to føretak
- gitt foreløpige SREP-vurderingar til 24 føretak og førebudd foreløpige SREP-ar som blei ferdigstilte i januar og februar 2022 for ytterlegare elleve føretak
- bidrege til å gjennomføre stresstesten til den europeiske banktilsynsmyndigheita (EBA) av 50 europeiske bankar, deriblant DNB Bank ASA
- bidrege til å gjennomføre stresstesten til den europeiske tilsynsmyndigheita for forsikring og tenestepensjon (EIOPA) av 44 europeiske forsikringsgrupper, medrekna Gjensidige Forsikring ASA, KLP og Storebrand ASA
- gjennomgått soliditetsrapporteringa til forsikringsføretaka etter Solvens II og føretaka si eigenvurdering av risiko og solvens (ORSA – «Own Risk and Solvency Assessment»)
- gjennomført tre stadlege tilsyn i livsforsikringsføretak og tre i pensjonsføretak (to pensjonskassar og eitt innskotspensjonsføretak)
- gjennomført seks tilsyn i skadeforsikringsføretak, inn under dette følgt opp interne modellar for solvensberekningar i to av føretaka

¹ Finanstilsynet fastset individuelle kapitalkrav for føretaka. Dei blir kalla pilar 2-krav. Pilar 2-krava dekkjer risikoforhold som ikkje, eller berre delvis, er dekte av dei regulatoriske krava i pilar 1.

- følgd avviklinga av forsikringsverksemda i Insr Insurance Group ASA
- utarbeidd eit høyringsnotat om korleis verdsetjing til amortisert kost i kunderekneskapane til forsikringsføretaka kan regulerast, og som tek omsyn til endringane i rekneskapsreglane

Tilsynet med berekraft og klimarisiko i føretak under tilsyn inneber at klimarisiko er innarbeidd som eit risikoområde i tilsynsmodulane på dei forskjellige risikoområda, og berekraftsrisiko var tema under alle ordinære tilsyn i bankar, kredittinstitusjonar og dei fleste andre føretak i 2021. Sjå omtale på side 36 og temarapport på nettstaden til Finanstilsynet.

Oppfølginga av Optin Bank før den offentlege administrasjonen i juni 2021 var ressurskrevjande.

Finanstilsynet klarte ikkje å ferdigstille SREP-ar for ei rekke bankar som planlagt før årsskiftet. Nye produksjonsløysingar og -prosessar viste seg å bli meir utfordrande å setje i verk, og samtidig påverka pandemien arbeids-situasjonen. SREP for dotterføretak av utanlandske føretak blei samtidig forseinka fordi fellesprosessar i regi av tilsynsmyndigheiter i andre land tok lenger tid enn planlagt. Fleire SREP-ar som var nær ved å bli ferdige ved årsskiftet, blei ferdigstilte i januar og februar 2022.

Styringsparametrar	Resultatmål 2021 (plantal)	Resultat for 2021 (gjennomført)	Resultat i 2020
Tilsyn i bankar, kredittføretak og finansieringsføretak			
a) ordinære stadlege tilsyn	16	16 (inkl. 2 oppfølgingstilsyn olje/offshore)	21
b) dokumentbaserte tilsyn	2	0	0
c) IRB-tilsyn	6, av desse: 2 inkl. i a)	3, av desse: 2 inkl. i a)	4
Gjennomførte SREP-ar (risiko- og kapitalbehovsvurderingar)			
	61	2 gjennomførte SREP-ar 24 foreløpige SREP-ar	17
Tilsyn med forsikrings- og pensjonsføretak:			
a) ordinære stadlege tilsyn	17–21	12 (3 i livsforsikringsføretak 2 i pensjonskassar 1 i innskotspensjonsføretak 6 i skadeforsikringsføretak)	11
b) dokumentbaserte tilsyn	7–10	9 (6 i brannkassar og 3 i skadeforsikringsføretak (agentdistribusjon))	1
c) tilsyn med føretaka sine modellar for berekning av solvenskapitalkrav	1 inkl. i a)	1 inkl. i a)	Dette var ikkje ein styringsparameter i 2020.

Delmål 2 Robust infrastruktur

Robust finansiell infrastruktur er ein avgjerande føresetnad for fullgode system for betalingar, handel, prissetjing og oppgjør i finansmarknaden. Svikt i infrastrukturen kan raskt føre til omfattande stans i kritiske tenester og kan dermed få alvorlege konsekvensar for samfunnet. Låg risiko for systemsvikt og god beredskap for rask gjenoppbygging ved svikt er derfor svært viktig. Gjennom konsesjonskrav og tilsyn med finansføretak, verdipapirføretak og infrastrukturføretak bidreg Finanstilsynet til at føretaka har tilfredsstillande styring av og kontroll med IKT-risiko og annan operasjonell risiko.

Koronapandemien utløyste eit kraftig fall i dei internasjonale aksjemarknadene i mars 2020. Omfattande tiltak i finans- og pengepolitikken for å dempe verknadene av pandemien bidrog til at marknadene henta seg raskt inn att. Ved inngangen til 2022 var børsindeksane i dei fleste marknadene betydeleg høgare enn før pandemien.

Under koronapandemien har Finanstilsynet hatt meir merksemd på infrastrukturen i marknaden og på den auka risikoen pandemien har medført for både infrastrukturen og føretaka i finansmarknaden. Etter kvart som situasjonen stabiliserte seg, normaliserte Finanstilsynet overvakinga si. Så langt tilseier erfaringa at infrastrukturføretaka på verdipapirirområdet var robuste nok til å handtere stressituasjonen som pandemien utløyste.

Overvaking av potensielle truslar mot IT-systema til verksemdar har vore ei prioritert oppgåve, og det har vore løpande samarbeid med ulike myndigheitsorgan for å vareta tryggleiken i den finansielle infrastrukturen.

Den norske finansielle infrastrukturen er robust. Finanstilsynet vurderer sårbarheiter i føretaka sine forsvarsverk mot digital kriminalitet og IT-drift som dei to mest sentrale truslane knytte til føretaka sin IT-bruk, men risikoen for informasjonslekkasje er òg ein sentral trussel.

Finanstilsynet observerte ingen spesielt alvorlege avvik i drifta av betalingssystem i 2021, men problem med BankID-appen og kodebrikka etter byte av driftsleverandør medførte betydeleg ustabilitet i tilgangen til BankID-tenesta for mange brukarar mot slutten av året.

Gjennom tilsyn kan Finanstilsynet avdekkje brot på lover og forskrifter og identifisere sårbarheiter som utgjør ein risiko for alvorlege hendingar i finanssektoren. Det blei rapportert fleire IKT-hendingar i 2021 enn i 2020, men det blei ikkje observert nokon spesielle avvik i betalingssystemdrifta som følgje av krisa.

Finanstilsynet har mellom anna

- følgd digitaliseringa og utviklinga i den digitale sårbarheita i finansmarknaden tett

- gjennomført fleire tilsyn med IT-verksemda til føretaka. Tema for tilsyna i 2021 var mellom anna utkontraktering, beredskap, IT-infrastruktur og sikkerheit.
- gjennomført ni tilsyn i bankar og to i betalingsføretak knytte til IT-infrastruktur, sikkerheit, utkontraktering og beredskap
- gjennomført tilsyn med styring og kontroll i Vipps
- gjennomført eit tematisyn om opptaksprosessar og verdipapirtransaksjonar knytte til utvalde utføretak som er tekne opp til handel på den multilaterale handelsfasiliteten Euronext Growth Oslo (tidlegare Merkur Market), der IT-system òg var ein del
- gjennomført IT-tematisyn hos Norexco ASA
- behandla søknad frå Verdipapirsentralen ASA om løyve etter ny verdipapirsentrallov (CSDR)
- delteke i tilsynskollegium og krisehandteringsgruppa for Nasdaq Clearing og SIX x-clear
- fått den første samla vurderinga av operasjonell risiko og sikkerheitsrisiko knytt til system for betalingstenester frå tilbydarar av betalingsstenester (bankar og betalingsføretak)
- gjennomført eit tematisyn med eit utval av bankane som er tilknytte den nye tenesta «kontant i butikk»
- behandla ca. 200 meldingar om utkontraktering av IT. Ein del av meldingane blei gitt frå samarbeidande grupper av bankar på vegner av fleire bankar.
- følgd utviklinga av ny finansiell teknologi (fintech) i finansmarknaden, gitt rettleiing til nye teknologi-baserte aktørar i finansmarknadene og slutført arbeidet med det eine prosjektet som blei teke opp i den andre puljen i Finanstilsynet sin regulatoriske sandkasse for fintech-verksemdar. Sjå omtale på side 37.
- fått rapport om 20 sikkerheitshendingar og 279 operasjonelle hendingar

- rapportert om seks hendingar til Finansdepartementet
- bidrege til å revidere dei delane av KIKS-rammeverket (kritisk infrastruktur, kritiske samfunnsfunksjonar) som gjeld finanssektoren, saman med Noregs Bank
- utarbeidd og publisert *Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) 2021* om bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i finanssektoren

I tillegg til dei faste møta i beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI) blei det som følgje av koronapandemien halde ei rekkje møte med informasjonsutveksling om tiltak og forhold i føretaka som kunne resultere i forstyringar i den finansielle infrastrukturen eller påverke den finansielle stabiliteten. Ein har vore særleg merksam på samfunnskritiske verksemdar og funksjonar.

Det blei halde regelmessige møte med Nordic Financial CERT (NFCERT) om trusselbiletet og samhandling i samband med at Finanstilsynet har rolla som sektorvist responsmiljø (SRM).

Finanstilsynet deltok i 2021 på faste statusmøte med Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC) der rapportar om det nasjonale digitale trusselbiletet blir gjennomgått.

Styringsparametrar	Resultatmål 2021 (plantal)	Resultat for 2021 (gjennomført)	Resultat i 2020
Tilsyn med bruk av IKT-system og cybersikkerheitstiltak i føretaka	17 særskilte IKT-tilsyn I tillegg skal temaet dekkjast i 14 andre tilsyn innanfor ulike tilsynsområde.	22 tilsyn: 9 i bankar 2 i forsikringsføretak 3 i betalingsføretak 1 i infrastrukturføretak 2 i revisjonsføretak 1 i fondsselskap 3 i gjeldsinformasjonsføretak	18 tilsyn: 5 i bankar 3 i forsikringsføretak 4 i verdipapirføretak 2 i inkassoføretak 1 i eigedomsmeklarføretak 2 i revisjonsføretak 1 i rekneskapsførarføretak
IKT-hendingar som er følgde opp	Vesentlege hendingar skal følgjast opp.	299 IKT-hendingar: 20 sikkerheitshendingar 279 operasjonelle hendingar	207 IKT-hendingar
Tilsyn med betalingsføretak	4	1	0
Tilsyn med infrastrukturføretak	1 tilsyn med etterleving av kapitalkrav	1 tilsyn, om opptaksprosessen til Euronext Growth. Tilsynsrapport blei send til føretaket 21. desember 2021.	2

Delmål 3 Investorvern

Påliteleg og nok informasjon er nødvendig for å sikre at verdipapirmarknadene kan bidra til god allokering og prising av kapital. Finanstilsynet bidreg til at løpende og periodisk informasjon frå noterte føretak er rettvise og rettidig, og at føretaka sine prospekt er utforma i tråd med krava. Finanstilsynet bidreg vidare til at føring og revisjon av årsrekneskapane held ein tilfredsstillande kvalitet. Gjennom tilsyn med verdipapirføretak og effektiv og rask handheving av åtferdsreglane i verdipapirmarknaden bidreg Finanstilsynet til marknadssdisiplin og god varetaking av interessene til investorar og utferdarar.

Kapitalmarknaden var i 2021 som i 2020 prega av usikkerheit knytt til koronapandemien og problem i vareleveringskjeda. Likevel var det svært sterk emisjonsaktivitet på dei regulerte marknadene Oslo Børs og Euronext Expand.

Trass i alle dei ekstraordinære oppgåvene i samband med koronapandemien bidrog Finanstilsynet, gjennom informasjonstiltak og det løpende tilsynet med verdipapirmarknaden og den finansielle rapporteringa, aktivt til godt investorvern i 2021.

Finanstilsynet har mellom anna

- følgd opp at aktørane i verdipapirmarknaden, inkludert børsnoterte føretak, oppfyller rapporteringspliktene sine, og at det er nok og påliteleg informasjon
- følgd opp risikoen i verdipapirmarknadene gjennom overvaking og analysar
- følgd opp flagge- og meldeplikta og plikter etter shortsalforordninga, som òg omfattar mottak og publisering av posisjonsmeldingar
 - 60 saker om flaggeplikt
 - 52 saker om meldeplikt
 - 34 saker om shortsalføring
- prioritert å følgje opp rekneskapsstandardane for presentasjon av finansrekneskap, verdifall på egedelar, finansielle instrument og leigeavtaler
- gjennomgått den finansielle rapporteringa til 14 føretak
- publisert rapporten frå tematisyn av ti noterte føretak om bruk av IFRS 16 *Leieavtaler*
- gått gjennom noteopplysningar knytte til leige-kontraktar i årsrekneskapen for 2020 for om lag 40 føretak

- utarbeidd høringsnotat om bruk av IFRS 17 i selskapsrekneskapen til forsikringsføretaka
- kartlagt korleis revisjonsutvala oppfyller krav og oppgåver som følgjer av allmennaksjelova
- publisert oversikter over formelle manglar i årsrapporten og halvårsrapporten for noterte føretak
- gitt rettleiing om nytt regelverk som krev at årsrapportane frå føretaka blir utarbeidd på European Single Electronic Format (ESEF)
- følgd opp kartlegginga av berekraftsrapporteringa til noterte føretak, jf. side 36
- etablert eit prospektregister for å effektivisere rapporteringa av godkjende prospekt til ESMA og mottak av grensekryssande prospekt frå dei andre prospektmyndigheitene i EØS
- gjennomført fire tilsyn med revisjonsføretak – to av tilsyna blei gjennomførte med deltaking frå den amerikanske revisortilsynsmyndigheita (PCAOB)
- gjennomført felles tematisyn med utvalde utferdarføretak som er tekne opp til handel på Euronext Growth Oslo, inkludert tilsyn med revisjonen av desse føretaka
- vurdert 63 signal om moglege svakheiter i revisjonen og følgd opp 31 av desse
- avslutta tematisyn retta mot revisoretterleving av kvitvaskingsregelverket i elleve føretak og vedteke lovbrotsgebyr for ti av revisjonsføretaka, jf. omtale under delmål 6
- registrert 150 innrapporteringar og andre signal som kan indikere feil i oppdragsutføringa hos rekneskapsførarar. Ut frå ei risikobasert tilnærming og tilgjengeleg kapasitet blei det gjennomført 25 tilsyn med rekneskapsførarar.

Styringsparametrar	Resultatmål 2021 (plantal)	Resultat for 2021 (gjennomført)	Resultat i 2020
Antal brot på rapportering av shortsalsom er følgde opp	Ikkje mogleg å talfeste	34	24
Antal brot på meldeplikt ved verdipapirhandel som er følgde opp	Ikkje mogleg å talfeste	52	42
Kontrollerte rekneskapar	50	14	Kontrollert 104 rekneskapar, inkludert 30 delårsrekneskapar Starta 47 tilsynssaker, inkludert 22 saker om innhald i årsrapporten
Kontrollerte prospekt	121 Talet er estimert. Det er avhengig av kor mange prospekt det blir søkt godkjenning for, og dette kan ikkje Finanstilsynet styre.	107	118
Tilsyn med revisjonsføretak	40 (30 stadlege og 10 dokumentbaserte tilsyn)	31 (22 stadlege og 9 dokumentbaserte tilsyn)	19 stadlege og 23 dokumentbaserte tilsyn (og 11 tematilsyn om tiltak mot kvitvasking)
Tilsyn med rekneskapsførarar	40 (25 stadlege og 15 dokumentbaserte tilsyn)	40 (25 stadlege og 15 dokumentbaserte tilsyn)	28 stadlege og 26 dokumentbaserte tilsyn (og 11 tematilsyn om tiltak mot kvitvasking)

Delmål 4 Forbrukarvern

Godt forbrukarvern er viktig for den enkelte forbrukaren og for tilliten til aktørane i finansmarknaden. Tenestetilbydarane skal vareta interessene til kundane og ta omsyn til kundane sine føresetnader for å forstå eigenskapane knytte til produkta. Finanstilsynet varetek forbrukarvernet gjennom tilsyn med at føretaka tilbyr og formidlar lån, forsikrings- og pensjonsprodukt, fondsprodukt og andre finansielle instrument og eigedom på ein forsvarleg måte. Også tilsynet med inkassoføretaka styrkjer forbrukarvernet. Oppfølging av soliditets- og sikkerheitskrav bidreg til tryggleik for at produktleverandørane kan oppfylle pliktene overfor kundane.

Forbrukarane er avhengige av god informasjon, og Finanstilsynet har svart på mange førespurnader frå forbrukarane i 2021.

Lovkravet til investorvern og handtering av interessekonfliktar står sentralt i tilsynet med verdipapirføretaka. Føretaka skal opptre ærleg, heiderleg og profesjonelt i tråd med kundane sine beste interesser og sjå til at integriteten til marknaden blir vareteken på beste måte. Regelverk og tilsyn skal òg bidra til at føretaka har god nok internkontroll og eit bevisst forhold til risiko. I tilsynet med forvaltarar av alternative investeringsfond prioriterer Finanstilsynet forvaltarar av fond som rettar seg mot ikkje-profesjonelle investorar.

For å bidra til vern av forbrukarane har Finanstilsynet i 2021 mellom anna

- utarbeidd regelmessige analysar av forbruks- gjeldutviklinga. Offentlege versjonar av analysane er tilgjengelege på nettstaden til Finanstilsynet.
- gjennomført tilsyn med tre gjeldsinformasjonsføretak. Temaet for tilsyna var IKT- og risiko-styringssystema til verksemdene med vekt på korleis verksemdene sikrar at persondata ikkje kjem på avvege, og at den registrerte gjeldsinformasjonen er korrekt og tilgjengeleg for dei som skal ha han.
- utarbeidd høyringsnotat med forslag til forskrifter til forsikringsformidlingslova og finansføretakslova
- utarbeidd høyringsnotat om behovet for nærmare regulering av tilleggfordelar ved kredittopptak med utgangspunkt i at forbrukarane skal kunne ta gode og grunngitte val om å ta opp gjeld
- utarbeidd høyringsnotat om gebyr ved grensekryssande betalningar
- gjennomført tilsyn i ein bank som har spesialisert seg på refinansiering av forbrukslån, og sendt ut likelydande brev til fleire av dei andre bankane i denne marknaden for å minne om sentrale føresegner om kundevern
- analysert prissettinga i innskotspensjonsmarknaden for arbeidsgivarar og arbeidstakarar

fram til innføring av eigen pensjonskonto, og korleis føretaka har tilpassa prisane sine som følge av innføringa av eigen pensjonskonto

- vurdert om forsikringsføretak kan drive eller eige føretak som driv forsikringsframand verksemd
- gjennomført tilsyn i eitt forsikringsagentføretak og eitt forsikringsmeklarføretak for å vurdere systema for styring og kontroll
- starta to større tematisyn knytte til kunde-klassifisering og produkthandtering retta mot 16 verdipapirføretak og avslutta seks tilsyn som var påbegynte i 2020
- arbeid med tematisyn hos åtte verdipapirføretak som var involverte som rådgivarar i opptaksprosessar for handel på Euronext Growth Oslo
- kartlagt alle distribusjonskanalane og dei selde produkta til verdipapirføretaka og filialane i 2020
- delteke i ei felleseuropeisk tilsynsundersøking («Common Supervisory Action») i regi av den europeiske verdipapir- og marknadstilsynsmyndigheita (ESMA) av verdipapirføretaka si etterleving av EØS-regelverket for produkthandtering
- starta ei oppfølgjande undersøking av verdipapirføretaka sine honorarmodellar og mottak av vederlag frå andre enn kunden
- delteke i ei felleseuropeisk tilsynsundersøking om kostnader i UCITS-fond i regi av ESMA. Hovudformålet var å kartleggje om investor-dokumentasjonen klart opplyser om kostnader som kjem til, og om fond blir belasta med unødige kostnader. Den norske undersøkinga omfatta totalt 60 verdipapirfond forvalta av seks forvaltningsselskap.
- sett i gang ei omfattande undersøking for å kartleggje korleis endra praksis i samband med returprovisjonar påverka prismodellane, og kva dette har hatt å seie for forvaltningsselskap, distributørar og sluttkundar
- gjennomført stadleg tilsyn hos AIF Depository AS om føretaket si etterleving av krava til depotmottakar for alternative investeringsfond

- gjennomført stadleg tilsyn hos tre forvaltings-selskap
- behandla fem søknader om å marknadsføre alternative investeringsfond til profesjonelle investorar etablert utanfor EØS
- kalla tilbake ni løyve til å marknadsføre alternative investeringsfond i Noreg
- gjennomført tilsyn i 15 eiedomsmeklingsføretak. Forvaltning og kontroll med klientmidlar, risikostyring og internkontroll var sentrale kontrollområde. Ni av tilsyna omfatta etterleving av kvitvaskings-regelverket. Sjå òg omtale under delmål 6.

- gjennomført ei kartleggingsundersøking i samband med kontroll av transaksjonar på eiedoms-meklarar sine klientkontoar
- gjennomført tilsyn i fem inkassoføretak. Av desse var to avgrensa tilsyn på bakgrunn av signal. Kontroll av klientmiddelbehandlinga er sentralt i tilsynet, i tillegg til gjennomgang av risikostyring og internkontroll og etterleving av risikostyringsfor-skrifta.
- starta eit tematisyn for å undersøkje og kartlegge inkassoføretaka sine rutinar for telefonisk opp-følgjing av skyldnarar

Styringsparametrar	Resultatmål 2021 (plantal)	Resultat for 2021 (gjennomført)	Resultat i 2020
Tilsyn i finansføretak der hovudtemaet er forbrukarvern	2	1	0
Tilsyn med verdipapirføretak	12 (I tillegg slutføre 7 tilsyn som var påbegynte i 2020.)	17	8
Tilsyn med forvaltningsselskap for verdipapirfond, inkludert AIF-forvaltarar	6–8	5	4
Tilsyn med forsikringsformidlarar	2	2	1
Tilsyn med eiedomsmeklingsføretak	30 (10 fulle tilsyn, 10 tematisyn om kvitvasking og om lag 10 tilsyn etter signal)	15	11
Tilsyn med inkassoføretak	15 (3 fulle tilsyn, 2 tematisyn og om lag 10 tilsyn etter signal)	6	5
Tilsyn med gjeldsinformasjonsføretak	3	3	0

Delmål 5 Effektiv krisehandtering

Beredskap til å kunne handtere kritiske situasjonar er viktig for tilliten til det finansielle systemet. Finanstilsynet har beredskap for å handtere kriser i så vel enkeltføretak som marknader, slik at faren for omfattande og varige skadeverknader for finanssektoren og kundane blir redusert. Krav til at bankar og verdipapirføretak utarbeider gjenoppretingsplanar, og til at Finanstilsynet utarbeider krisehandteringsplanar, vil bidra til at kritiske forhold blir handterte på ein tilfredsstillande måte. Beredskap for å kunne gi rask og relevant informasjon til allmenta er òg ein sentral del av kriseberedskapen.

Gjennom 2021 heldt Finanstilsynet fram med å samarbeide tett med dei europeiske finanstilsynsmyndigheitene både om å handtere konsekvensane av pandemien og om å følgje opp den generelle kriseberedskapen i føretaka. Finanstilsynet samarbeidde også med Noregs Bank og hadde ofte kontakt med Finansdepartementet om kriseberedskap i 2021.

For å bidra til god kriseberedskap og effektiv krisehandtering i 2021 har Finanstilsynet mellom anna

- vidareutvikla metodikk og malverk for å utarbeide krisetiltaksplanar og fastsetje minstekrav til summen av ansvarleg kapital og konvertibel gjeld (MREL)
- ferdigstilt 13 krisetiltaksplanar og 15 MREL-vedtak. For Sbanken og Bank Norwegian blei det ikkje fastsett nye krisetiltaksplanar på grunn av igangverande oppkjøps-/fusjonsplanar.
- vurdert, og gitt skriftleg tilbakemelding på, gjenoppretingsplanen til DNB og 14 andre bankar
- delteke i tilsynskollegia si vurdering av gjenoppretingsplanane til Danske Bank, Handelsbanken, Nordea og Santander

- spesifisert krav til føretaka si rapportering, som er grunnlag for Finanstilsynet si utarbeiding av krisetiltaksplanar
- arbeid med rammeverk for leiingsinformasjonssystem, verddivurderingar, finansiell infrastruktur, kriterium for kritiske funksjonar og malar for krisedokument
- delteke i kriseøving med Finansdepartementet, Noregs Bank og Bankenes sikringsfond
- førebudd og behandla offentleg administrasjon av Optin Bank ASA
- godkjent ein revidert metode til berekning av bidraga til innskotsgarantifondet i 2022
- delteke i kriseutval for seks utanlandske bankar med filialar eller dotterføretak i Noreg
- leidd kriseutvalet for DNB
- leidd beredskapsutvalet for finansiell infrastruktur (BFI)

Styringsparametrar	Resultatmål 2021 (plantal)	Resultat for 2021 (gjennomført)	Resultat i 2020
Krisetiltaksplanar som er fastsette av Finanstilsynet	15	13	14
Gjenoppretingsplanar som er vurderte av Finanstilsynet	22	19	34 gjenoppretingsplanar i bankar og 10 i verdipapirføretak
Fastsette MREL-krav	15	15	15

Delmål 6 Kampen mot kriminalitet

Finanssektoren skal sjølv førebyggje at finansføretak og andre aktørar blir utnytta i kriminelle aktivitetar. Finanstilsynet fører tilsyn med at føretaka etterlever pliktene i regelverket for kamp mot kvitvasking og terrorfinansiering. Ulovleg verksemd svekkjer tilliten til finansmarknadene og representerer urimeleg konkurranse for føretak som driv verksemd innanfor regelverket. Tilsynsverksemda bidreg til å førebyggje ulovleg verksemd, og lovbrøt som blir avdekte i føretak under tilsyn, blir følgde opp. Ved mistankar om alvorleg økonomisk kriminalitet blir forholdet meldt til politiet. Finanstilsynet sitt arbeid for fullgod revisjon og rekneskapsføring bidreg òg til å førebyggje og avdekkje økonomisk kriminalitet.

Føretaka som er underlagde kvitvaskingsregelverket, bidreg i stor grad til å førebyggje og avdekkje kvitvasking og terrorfinansiering. Dei seinare åra er det avdekt svakheiter i etterlevinga av kvitvaskingsregelverket i mange store bankar internasjonalt. Finanstilsynet har, til liks med andre europeiske tilsynsmyndigheiter, trappa opp aktiviteten på dette området.

Tilsynserfaringar viser at fleire føretak har auka innsatsen mot kvitvasking og terrorfinansiering betydeleg, men tilsyn har òg avdekt at etterlevinga av kvitvaskingsregelverket framleis er mangelfull i mange tilfelle. På fleire tilsynsområde har Finanstilsynet peikt på manglande risikoforståing, for liten kapasitet til å følgje opp risikoar og for dårlege rutinar for antikvitvaskingsarbeidet.

I 2021 fekk tre bankar, ti revisjonsføretak, ni rekneskapsførarar og fire eigedomsmeklingsføretak lovbrøtsgebyr for manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket. Ein bank har sidan 2020 betalt løpande tvangsmulkt på grunn av manglande oppfylling av pålegg om retting.

I 2021 initierte EBA ei evaluering av Finanstilsynet sitt kvitvaskingstilsyn med bankar. Dokumentasjon og gjennomføring av virtuelt landbesøk fann stad hausten 2021, og ein rapport er forventa å bli ferdigstilt i første halvdel av 2022. I 2021–2022 er Finanstilsynet òg med i eit IMF-prosjekt som vurderer antikvitvaskingstilsyn i Norden og Baltikum. Ein rapport er venta å bli ferdig i 2022.

I tilsynet med overhaldinga av kvitvaskingsreglane har Finanstilsynet i 2021 mellom anna

- følgd opp og gitt lovbrøtsgebyr for manglande etterleving av kvitvaskingsregelverket
- gjennomført fire tilsyn om tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering i bankar
- gjennomført eit dokumentbasert tilsyn med internrevisjonen i 46 bankar knytt til etterlevinga av kvitvaskingsregelverket
- slutført dokumentbasert kvitvaskingstilsyn i 54 bankar

- følgd opp kvitvaskingsrutinane i dei fleste ordinære tilsyna i forsikringsføretak og forsikringsformidlingsføretak
- følgd opp kartlegging av 215 fondsforvaltarar si etterleving av sentrale krav i kvitvaskingsregelverket (tilsynet starta i 2020)
- etablert ei årleg innrapportering frå verdipapirføretaka til Finanstilsynet som skal bidra til å identifisere risikoområde for kvitvasking og terrorfinansiering
- kartlagt etterleving av kvitvaskingsregelverket hos forvaltningsselskap for verdipapirfond og forvaltarar av alternative investeringsfond
- ferdigstilt tematisert tilsyn om kvitvasking i revisjonsføretak
- ferdigstilt tematisert tilsyn om kvitvasking i rekneskapsførarføretak
- gjennomført tilsyn med etterlevinga av kvitvaskingsregelverket i ni eigedomsmeklingsføretak (seks av dei var reine kvitvaskingstilsyn) og gitt fire føretak lovbrøtsgebyr
- delteke i internasjonalt samarbeid om tilsyn med tiltak mot kvitvasking i finanssektoren, mellom anna fleire tilsynskollegium for oppfølging av enkeltføretak
- fatta vedtak om å kalle tilbake konsesjonen som betalingsføretak for tre føretak som yter betalings-tenesta pengeoverføringar
- gjennomført eitt tilsyn med ein registrert tilbydar av virtuelle valutatenester

Ulovleg verksemd svekkjer tilliten til finansmarknadene og undergrev verksemda for føretak som opererer innanfor regelverket. Det er likevel grenser for kor mykje ressursar Finanstilsynet kan bruke på å følgje opp ulovleg verksemd. Som ledd i oppfølginga av ulovleg verksemd har Finanstilsynet mellom anna

- undersøkt 15 føretak som marknadsførte investeringstenester utan å ha nødvendig

konsesjon. (Eitt føretak blei pålagt å stanse ulovleg investeringstenesteverksemd. Dei andre føretaka har fått individuelle åtvaringar, og/eller det er blitt publisert marknadsåtvaringar mot dei på nettstaden til Finanstilsynet.)

- publisert sju åtvaringar mot føretak som tilbydde investeringstenester i Noreg utan løyve
- behandla fleire enkeltsaker om ulovlege innretningar som må reknast som alternative investeringsfond

- meldt eitt tilfelle av ulovleg rekneskapsførarverksemd til politiet

Finanstilsynet har samarbeidd med andre myndigheter om fleire enkeltsaker, særleg med Økokrim, fleire politidistrikt, Tolletaten, Kripos og Skatteetaten og med etatane som inngår i Kontaktforum og Betalingstjenesteforum.

Styringsparametrar	Resultatmål 2021 (plantal)	Resultat for 2021 (gjennomført)	Resultat i 2020
Kvitvaskingstilsyn i bankar	8 stadlege tilsyn i bankar i risikoklassane «høg» og «medium/høg» + 3 dokumentbaserte tilsyn i 90 bankar	5 stadlege tilsyn i bankar 2 dokumentbaserte tilsyn i totalt 54 bankar	7
Kvitvaskingstilsyn i andre typar rapporteringspliktige føretak (Fleire av desse tilsyna er òg talde med under andre delmål.)	Ca. 80 tilsyn: 10 i eigedomsmeklingsføretak 4 i verdipapirføretak (2 stadlege tilsyn + 2 tematilsyn) 1 i forsikringsføretak 4 i betalingsføretak 4 hos agentar av utanlandske betalingsføretak 2 hos tenestetilbydarar av virtuell valuta 30 i revisjonsføretak 25 hos rekneskapsførarar	80 tilsyn: 10 i eigedomsmeklingsføretak (inkl. 1 tematilsyn) 2 i betalingsføretak 1 hos tenestetilbydar av virtuell valuta 0 i verdipapirføretak 1 kvitvaskingstilsyn i forsikring + at kvitvasking var dekte i 10 tilsyn (6 i skadeforsikringsføretak + 2 i livsforsikringsføretak + 2 i forsikringsformidlingsføretak) 31 i revisjonsføretak 25 i rekneskapsførarføretak	49 tilsyn: 6 i forsikringsføretak 1 i forsikringsagentføretak 5 i verdipapirføretak 11 i eigedomsmeklingsføretak 11 tematilsyn med revisorar 11 tematilsyn med rekneskapsførarar 4 hos vekslingskontor
Signal om ulovleg verksemd som er følgde opp	Ikkje mogleg å talfeste	2 saker om virtuell valuta 3 saker om betalingsføretak 25 saker om ulovleg yting av investeringstenester 11 saker om eigedomsmekling 1 sak om inkassoverksemd	Følgd opp signal om 11 føretak på verdipapiriområdet
Saker knytte til mistenkjeleg marknadsåtfærd som er undersøkte	Ikkje mogleg å talfeste	302	191

Andre aktivitetar

Klimarisiko og berekraft / grøn finans

Ifølgje tildelingsbrevet for 2021 må Finanstilsynet tilpasse oppfølginga av finansføretaka til nye risikoar og sårbarheiter som blir identifiserte, til korleis aktørane tilpassar seg til dette, og til internasjonale tiltak og tilrådingar. Vidare skal Finanstilsynet særleg bidra til å auke kunnskapen om klimarisikoen i finansnæringa og til å utvikle tilsynsverktøy for å følgje opp føretaka i handteringa av miljø- og klimarisikoen.

Overgangen til eit lågutsleppssamfunn vil medføre omstillingar i norsk økonomi som kan ha mykje å seie for tapsrisikoen og lønnsmda til bankane. I rapporten *Finansielt utsyn* frå desember 2021 analyserte Finanstilsynet moglege effektar for norske bankar med utgangspunkt i to ulike scenario for overgangen til eit lågutsleppssamfunn. I det eine scenarioet startar omstillinga til eit lågutsleppssamfunn med det same og skjer utan store realøkonomiske kostnader. I eit alternativt scenario startar omstillinga seinare og er prega av brå og uordna overgang både i Noreg og internasjonalt. Finanstilsynet sine berekningar indikerer at i eit slikt scenario vil bankane kunne tape mykje på utlån til bedrifter. Finanstilsynet deltek i internasjonalt samarbeid på området, spesielt i EBA, ESMA og EIOPA, og gjennom arbeidet i Network for Greening the Financial System og i arbeidet med regelverksutvikling i EU.

Også i 2021 la Finanstilsynet vekt på berekraft og klimarisiko i tilsynsarbeidet. Finanstilsynet inkluderte oppfølging av berekraftsrisiko, medrekna klimarisiko, i tilsynsmodulane på dei forskjellige risikoområda. Berekraftsrisiko var tema under alle dei ordinære tilsyna med bankar og kredittinstitusjonar i 2021 og i tilsyn med forsikringsføretak og pensjonskassar. Sjå nærmare omtale nedanfor.

Finanstilsynet gjennomførte ei undersøking av fondsforvaltarane sitt arbeid med berekraft. Undersøkinga omfatta mellom anna kva for vurderingar som inngår i forvaltninga, og kva for opplysningar føretaka gir om miljøforhold, sosiale forhold og selskapsstyring. Resultata blei publiserte i ein rapport i april 2021. Undersøkinga viser at det er store forskjellar i kor langt dei enkelte fondsforvaltarane er komne i arbeidet med berekraft.

Finanstilsynet har følgd opp kartlegginga si av berekraftsrapporteringa til noterte føretak som blei publisert hausten 2020. Fleire føretak rapporterte at dei hadde identifisert eigedelar med mogleg redusert eller ingen verdi før utløpet av den opphavleg berekna levetida som følgje av risiko knytt til klimaendringar (stranda eigedelar). Finanstilsynet har følgd opp dei

aktuelle føretaka ved å be om ytterlegare informasjon om vurderingane som føretaka har gjort ved å verdsetje slike eigedelar.

Dette er dei viktigaste funna frå undersøkinga:

- Få føretak oppgir at dei tek omsyn til klimarisiko når dei verdset eigedelar.
- Få føretak oppgir at dei har eller kan få stranda eigedelar, og det er ikkje gitt informasjon om slike eigedelar i årsrapportane til føretaka som oppgir at dei har slike.
- Dei fleste føretaka sikrar konsistens mellom opplysningane dei gir i berekraftsrapporteringa og i årsrekneskapen. Dette skjer ved at dei går manuelt gjennom årsrapporten.

Finanstilsynet har dei siste par åra hatt møte med totalt 15 skadeforsikringsføretak for å kartleggje korleis klimaendringar vil kunne påverke risikoen til skadeforsikringsføretaka, og korleis føretaka handterer risikoen.

I tillegg har Finanstilsynet

- dekt klimarisiko i alle tilsyn som blei utførte i forsikringsføretak i 2021
- halde møte om klimarisiko med tre ordinære skadeforsikringsføretak, tre skadeforsikringsføretak som er del av grupper, og tre sjøforsikringsføretak
- innarbeidd forventningar til korleis føretaka handterer klimarisiko, både fysisk risiko og overgangsrisiko, i Finanstilsynet sitt verktøy (risikomodul) for evaluering av styring og kontroll i føretaka

Forsikringsføretaka inkluderte ei vurdering av klimarisiko i den årlege rapporten om eigenvurdering av risiko og solvens (ORSA) som dei sender til Finanstilsynet.

I ein rapport om klimarisiko i forsikring, publisert i mars 2021, ser Finanstilsynet på forsikringsføretaka sine eksponeringar mot klimarisiko gjennom plasseringar i verdipapirmarknadene. Berekningar viser at norske forsikringsføretak gjennomgåande har godt diversifiserte verdipapirporteføljor. Andelen av norske livsforsikrings- og skadeforsikringsføretak sine klimasensitive aksje- og obligasjonsinvesteringar er på nivå med gjennomsnittet for europeiske forsikringsføretak. Ein stor del av dei klimasensitive investeringane til dei norske føretaka gjeld fornybar energi. Enkelte norske forsikringsføretak har klart høgare eksponering enn gjennomsnittet.

Arbeidet med den regulatoriske sandkassen

I samsvar med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet skal Finanstilsynet drifte ein regulatorisk sandkasse for fintech-verksemder som del av eit breiare informasjons- og rettleiingsinitiativ. Finanstilsynet skal ta del i internasjonalt samarbeid på området og sjå på kva erfaringar tilsynsmyndigheitene i andre land har med å leggje til rette for å utvikle fintech-verksemder.

Sluttrapportane frå dei to første prosjekta blei publiserte på nettstaden til Finanstilsynet i januar 2021. I mars 2021 blei ytterlegare eitt prosjekt frå Abendum AS teke opp i sandkassen. Abendum er eit oppstartselskap som ønskjer å utvikle ei løysing for revisjonsbevis basert på blokkjedeteknologi. Formålet med å delta i sandkassen var å vurdere løysinga opp mot krava i dei internasjonale revisjonsstandardane. Prosjektet blei som planlagt avslutta i desember 2021, og ein sluttrapport som samanfattar prosjektet, er publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Formålet med sandkassen er å bidra til at innovative verksemder får meir kunnskap om regelverket, gi Finanstilsynet betre forståing av nye teknologiske løysingar i finansmarknaden og bidra til meir teknologisk innovasjon og fleire nye aktørar. Deltakarar i sandkassen kan vere eksisterande finansføretak, nye aktørar som vil tilby finansielle tenester eller aktørar utanfor finansnæringa som tilbyr tenester til verksemder under tilsyn. For å delta i sandkassen må tenesta og føretaket oppfylle fastsette kriterium.

Finanstilsynet vidareførte i 2021 samarbeidet med dei regulatoriske sandkassane i Datatilsynet og Arkivverket. I tillegg har Finanstilsynet hatt jamleg kontakt med den regulatoriske sandkassen til Finanstilsynet i Danmark, innleidd på seminar i samband med opprettinga av den regulatoriske sandkassen hos det spanske finanstilsynet og delteke på fire møte i European Forum for Innovation Facilitators (EFIF).



**STYRING OG KONTROLL
I VERKSEMDA**

STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Styringsstruktur

Styret i Finanstilsynet, som Finansdepartementet oppnemner for fire år om gongen, har det overordna ansvaret for verksemda. Finanstilsynsdirektøren, som er tilsett i ei åremålsstilling på seks år, med høve til å halde fram i seks år til, står for den daglege leiinga.

Finanstilsynet er delt inn i tre tilsynsavdelingar og éi administrasjonsavdeling. Kvar avdeling blir leidd av ein avdelingsdirektør. Avdelingane er delte inn i seksjonar, og kvar seksjon blir leidd av ein seksjonssjef. Funksjonen for mellom anna juridisk kvalitetssikring er plassert i staben til direktøren. Ein eigen kommunikasjonsstab har ansvaret for ekstern og intern kommunikasjon.

Verksemda til Finanstilsynet er lovregulert gjennom finanstilsynslova. Tilsynslova er supplert av særlovgiving på dei ulike tilsynsområda. Kwart fjerde år utarbeider tilsynet ein strategi for verksemda. Saman med tildelingsbrevet frå Finansdepartementet er strategien grunnlaget for dei årlege planane for verksemda. Styret vedtok strategien for 2019–2022 i desember 2018. Planane for verksemda er grunnlaget for den daglege styringa og for rapporteringa til styret.

Tildelingsbrevet er det sentrale styringsdokumentet i styringsdialogen mellom Finansdepartementet og Finanstilsynet. Etter første og andre tertial rapporterer Finanstilsynet om kva for aktivitetar som er gjennomførte, og rapporterer om andre saker i tråd med bestillinga i tildelingsbrevet. Denne rapporteringa er ein del av grunnlaget for departementet si evaluering av måloppnåinga til Finanstilsynet. Tilsynet rapporterer i tillegg årleg gjennom årsrapporten. Årsrapporteringa består av rapportar frå dei ulike tilsynsområda, som blei publiserte på nettstaden til Finanstilsynet i februar 2022, og ein kortare årsrapport etter krava i føresegnene om økonomistyring i staten.

Styret har møte kvar månad utanom juli og behandlar mellom anna viktige tilsynssaker, som regelverksforslag, prinsipielle saker og utvalde saker om tildeling og inn-draging av løyve, budsjett og planar for verksemda. Styret får jamleg rapportar om verksemda. Styreleiaren deltok i fire møte med Finansdepartementet i 2021. I tillegg blei Finansdepartementet invitert til å halde innlegg på eit seminar for styret på hausten.

Finanstilsynet legg risikovurderingar til grunn for tilsynsarbeidet på alle område og utarbeider òg årlege risiko-analysar for eiga verksemd. Desse analysane blir forankra i styret gjennom behandlinga av planen for verksemda og sende til Finansdepartementet.

Finanstilsynet er underlagt årleg revisjon frå Riksrevisjonen. Sjå kapittel VI Årsrekneskap.

Effektiv drift og organisasjonsutvikling

Effektivisering og digitalisering

Finanstilsynet har i mange år satsa på IT-systemutvikling for å møte auka rapporteringskrav og for å gjere saksbehandlinga meir effektiv. Under koronapandemien har det vore ein særleg innsats for å leggje til rette for at dei tilsette skal kunne utføre arbeidsoppgåvene sine heimanfrå på ein effektiv måte.

Overgangen til Microsoft Office 365 og innføring av MS Teams var eit stort effektiviseringstiltak i heile organisasjonen. Det er etablert gode løysingar for heimearbeid.

Nettverk og utstyr i lokala til Finanstilsynet blei òg oppgradert, mellom anna for å leggje til rette for digitale (video)tilsyn. Utrullinga av Teams og anskaffinga av utstyr har mellom anna gjort det mogleg å gjennomføre møte og «stadlege» tilsyn via videokonferanse, halde nødvendig kontakt med tilsynseiningane og delta i internasjonale møte digitalt.

I 2021 tok Finanstilsynet i bruk meir effektive løysingar for automatisert uthenting, bearbeiding og tilrettelegging av datagrunnlag til å gjennomføre tilsyn med bankar. Dette har gitt brukarane meir fleksibel tilgang på data. Fem delprosessar knytte til kvalitetssikring av innrapporterte data og bruk av desse i rapportarbeidet er automatiserte. I tillegg er store delar av datahandteringa automatisert. Løysingane kan gi gevinstar i form av betre utveljing av føretak for tilsyn (risikobasert), redusert operasjonell risiko og kortare gjennomføringstid, og eventuelle innsparingar i føretaka.

Bruk av kjend teknologi som robotisert prosessautomatisering (RPA) opnar for meir automatisering av forvaltingsoppgåver i Finanstilsynet. Arbeidet med å ta i bruk RPA er godt i gang. Finanstilsynet sin første robot blei sett i arbeid i februar 2021 og hadde ved utgangen av 2021 handtert tolv prosessar.

Finanstilsynet søkjer å betre prosessane for datauttrekk for tilsynsformål og arbeider med å effektivisere og harmonisere tilsynsprosessane. Slikt utviklingsarbeid reduserer kapasiteten for saksbehandling på kort sikt, men det er venta at det bidreg til forbetringar på lengre sikt.

Mot slutten av 2019 fastsette Finanstilsynet ein digitaliseringsstrategi med mål, prinsipp og planar for

digitaliseringsarbeidet dei neste åra. Digitaliseringsstrategien tek utgangspunkt i Finanstilsynet sin strategi for 2019–2022. I 2021 fastsette tilsynet ein strategi for såkalla IT-sourcing. Kartlegging av nødvendige roller og funksjonar for å drive fram digitalisering i Finanstilsynet har vore grunnleggjande i dette arbeidet. Strategien for IT-sourcing er utarbeidd med utgangspunkt i krav i digitaliseringsrundskrivnet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og «Digitaliseringsstrategi for offentlig sektor 2019–2025» og beskriv prinsippa for Finanstilsynet sine vurderingar rundt kjøp av IT-tenester i marknaden, mellom anna skytenester.

Ny teknologi gjer samhandling, automatisering, informasjonsforvaltning og analyse lettare. Nye og omfattande rapporteringskrav gir store mengder data som i større grad enn i dag kan utnyttast i tilsynsverksemda. Ein moderne og fleksibel IT-arkitektur, god tilgang til data og digital kompetanse er ein føresetnad for å kunne dra nytte av moglegheitene som digitalisering kan gi over tid.

I 2021 inngjekk Finanstilsynet rammeavtalar om

- drift og utvikling av fagsystem og register
- drift og utvikling av nettløysinga
- leveranse av telefonitenester

Eit forbetnings- og effektiviseringstiltak har vore å ta i bruk programmeringsspråket «Python» til automatisering, dataintegring og dataanalyse. I 2021 tok Finanstilsynet i bruk ei ny løysing som har effektivisert arbeidet med å trekkje ut og analysere data.

Finanstilsynet er ein stor brukar av Altinn for innrapporteringar og har eit løpande behov for å utvikle nye skjema og tilpasse eksisterande skjema i takt med endringar i regelverket og nye behov. Det var høg aktivitet med å utvikle Altinn-skjema i 2021, og Finanstilsynet hadde 114 aktive Altinn-skjema ved utgangen av 2021. Dette har forenkla og effektivisert arbeidet for både Finanstilsynet og verksemdene som er under tilsyn. I 2020 blei det mellom anna utvikla ei Altinn-løysing for rapportering av meldepliktige transaksjonar etter marknadsmissbruksforordninga og eit nytt Altinn-skjema til bruk for dei registrerte AIF-forvaltarane. Den interne kapasiteten til å utvikle nye Altinn 3-appar (skjema) blei styrkt i 2021.

Finanstilsynet har ferdigutvikla og teke i bruk eit prospektregister som vil gi innsparingar både i rapportering av godkjende prospekt til ESMA og i mottekne grensekryssande prospekt frå dei andre prospektmyndigheitene i EØS-området. Tilsynet gjennomførte òg ein pilot med maskinlesing av prospekt.

Saman med NCE Finance Innovation gjennomførte Finanstilsynet hausten 2020 eit prosjekt for maskin til maskin-rapportering av engasjementsdata frå tre bankar til Finanstilsynet. Både bankane og Finanstilsynet

vurderer piloten som vellykka, og arbeidet heldt fram i 2021.

For å gjere det enklare å kunne dele offentlege data frå Finanstilsynet vedtok tilsynet å utvikle maskinlesbare grensesnitt (API) for to løysingar. Det offentlege API-et for shortsregisteret til Finanstilsynet blei utvikla og ferdigstilt i 2020. API for verksemdsregisteret blei også utvikla, og løysinga blei sett i produksjon tidleg i 2021.

Finansdepartementet fastsette i desember 2021 eit mandat for eit digitaliseringsprosjekt i Finanstilsynet for perioden 2022–2026 med ei økonomisk ramme på 100 millionar kroner til utvikling og forvaltning. Satsinga er organisert under fem mål som samsvarer godt med digitaliseringsstrategien til Finanstilsynet:

- automatisering av forvaltingsoppgåver
- digitalisering av tilsynsprosessar
- meir effektiv rapportering og datafangst
- betre analyseløysingar
- meir datadeling

Formålet er å auke omfanget av og tempoet i digitaliseringa i Finanstilsynet.

Miljøansvar – arbeidet med FNs berekraftsmål

I tildelingsbrevet for 2021, under punkt 5.8 om FNs berekraftsmål, ber Finansdepartementet Finanstilsynet om «å gi en samlet beskrivelse i årsrapporten av hvordan etaten bidrar til å oppfylle FNs bærekraftsmål der dette er en særskilt relevant del av oppgaveløsningen».

Finanstilsynet bidreg til å oppfylle fleire av berekraftsmåla til FN gjennom tilsynsverksemda og i den interne verksemdsstyringa.

Gjennom regelverksutvikling og tilsyn for å følgje opp føretaka i handteringa av miljø- og klimarisiko bidreg Finanstilsynet til FNs berekraftsmål 9 *Industri, innovasjon og infrastruktur*, delmål 9.4 *Innan 2030 oppgradere infrastruktur og omstille næringslivet til å bli meir berekraftig* [...]. Sjå kapittel III, side 36.

Gjennom tilsyn med etterlevinga av kvitvaskingsregelverket bidreg Finanstilsynet til FNs berekraftsmål 16 *Fred, rettferd og velfungerande institusjonar*, delmål 16.4 *Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon av ulovlege finans- og våpenstraumar* [...], og delmål 16.a) *Styrkje relevante nasjonale institusjonar, mellom anna gjennom internasjonalt samarbeid, med sikte på å bygge kapasitet på alle nivå* [...] for å førebyggje vald og motarbeide terrorisme og kriminalitet. Sjå kapittel III, side 34.

Finanstilsynet bidreg til FNs berekraftsmål 5 *Likestilling mellom kjønn* og FNs berekraftsmål 10 *Mindre ulikskap* gjennom arbeidet med likestilling og mangfald i rekrutterings- og lønnsolitikken. Sjå kapittel II, side 16.

Finanstilsynet bidreg til FNs berekraftsmål 12 *Ansvarleg forbruk og produksjon* i den interne verksemdsstyringa.

Det at dei fleste tilsette arbeidde heimanfrå i lange periodar i 2021, har hatt nokre positive effektar på Finanstilsynet sitt bidrag til miljøet. Tilsette vande seg til nye digitale arbeidsformer, og i lokalet til tilsynet blei det skriva ut langt under halvparten så mange ark i 2020 og 2021 som i 2019. Papiraviser er blitt erstatta med elektroniske aviser.

Finanstilsynet vil leggje til rette for eit klima- og miljøvennleg forbruk og bidra til å minimalisere negative konsekvensar på det ytre miljøet gjennom innkjøp av varer og tenester til eiga drift. Målet er å bli sertifisert som miljøfyrtårn i 2022, og derfor brukte tilsynet 2021 til å kartleggje status, velje ut eigna satsingsområde og utarbeide interne retningslinjer. Ein legg mellom anna vekt på god ressursutnytting av eit produkt med tanke på levetid, gjenbruk og gjenvinning.

Finanstilsynet etablerte ein avtale for retur av teknisk utstyr mot slutten av 2020 – både for å lette arbeidet med å slette harddiskar og for å sørge for at det tekniske utstyret kan gjenbrukast av mellom anna skuleelevar. I 2021 blei 184 einingar gjenbrukte og 245 einingar resirkulerte.

Internkontroll

Finanstilsynet har ein oversiktleg organisasjon med linjestyring og klare ansvars- og fullmaktsforhold. Det finst felles rutinar og retningslinjer for verksemda, inkludert saksbehandlings- og tryggleiksrutinar. I tillegg er det utarbeidd arbeidsrutinar og sjekklister som er tilpassa dei ulike tilsynsområda. Alle retningslinjer og rutinar blir jamleg oppdaterte. Det er fastsett etiske retningslinjer for alle tilsette som blir gjennomgått med jamne mellomrom.

Basert på risikovurderingane som Finanstilsynet har gjort for tilsynsområda, blir det utarbeidd seksjonsvise verksemdsplanar. Det blir òg utarbeidd ein verksemdsplan for Finanstilsynet samla sett for å synleggjere dei planlagde aktivitetane opp mot delmål og styringsparametrar. Leiinga følgjer opp verksemdsplanane gjennom året for å vurdere om ressursinnsatsen og resultatane er i samsvar med planar og prioriteringar, og sørge for at avvik blir forklarte og følgde opp. Om nødvendig blir planar tilpassa nye behov og føresetnader i løpet av året.

Den største risikoen for verksemdsutøvinga er knytt til evna til å ha god nok fagkompetanse på dei ulike tilsynsområda. Finanstilsynet legg derfor vekt på god leiing og personalpolitikk. HR-funksjonen deltek aktivt i arbeidet med rekruttering og personalutvikling. Dei administrative funksjonane til Finanstilsynet er støttefunksjonar til forvaltings- og tilsynsverksemda. Dokumenthandteringssystemet ACOS WebSak

(Noark 5-godkjend) blei oppgradert i 2021, og verksemda nyttar mellom anna løysingane elnnsyn og eFormidling. Oppgåvene til økonomifunksjonen omfattar offentlege anskaffingar, budsjett og rekneskapsoppfølging. Finanstilsynet har inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om levering av lønns- og rekneskapstenester og med Statens innkrevjingssentral om innkrevjing av tilsynsavgift. Misleghaldsprofilen til tilsynet blir jamleg gått gjennom. Det var ikkje registrert noko vesentleg misleghald i 2021.

Anskaffingar av IT-løysingar, intern IT-utvikling og oppfølging av utkontraktert IT-utvikling er lagt til avdelinga for digitalisering og analyse. Eit porteføljestyre har det overordna ansvaret for å foreslå prioriteringane innanfor IT-utvikling for den samla verksemda innanfor dei gitte budsjetttrammene. Vurderingane til porteføljestyret gir grunnlag for avgjerder av direktøren og styret.

Tilsynet har ein intern kontrollar som fører tilsyn og kontroll med etterlevinga av dei etiske retningslinjene og andre retningslinjer og rutinar for verksemda. Kontrollaren rapporterer til styret.

Det blei ikkje avdekt vesentlege svake sider, feil eller manglar gjennom internkontrollen i 2021. Internkontrollen gir eit godt grunnlag for å sikre målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og etterleving av relevant regelverk, interne retningslinjer og rutinar. Verksemda er prega av stor grad av stabilitet, og det oppstår sjeldan feil eller vesentleg svikt i rutinanane.

Tryggleik og beredskap

Finanstilsynet legg vekt på å vareta tryggleiken og ha beredskap for moglege kriser i enkeltføretak, finansiell infrastruktur og marknader. I tillegg har tilsynet beredskap for eventuelle hendingar i eigen organisasjon.

Tryggleiks- og beredskapsorganisasjonen blei sett på prøve i 2020 i samband med handteringa av koronapandemien. Organisasjonen viste seg å vere i stand til å handtere konsekvensane av koronapandemien, både i tilsynsverksemda og i eiga verksemd. Straks pandemien inntreft, blei den interne krisestøtteininga sett i arbeid, og det blei sett krisestab. Både krisestaben og krisestøtteininga hadde jamlege møte det første året av pandemien, men behovet var mindre i 2021. Det var framleis tett samarbeid med Noregs Bank og andre offentlege etatar, mellom anna for å bidra til einsarta tiltak overfor tilsette under pandemien. Finanstilsynet har følgd nøye med på utviklinga i smittesituasjonen og har retta seg etter dei tilrådde smitteverntiltaka frå regjeringa.

Finanstilsynet nyttar beredskaps- og krisehandteringssystemet CIM i beredskapsarbeidet. Det blei arrangert kurs og opplæring i CIM også i 2021. Fleire av beredskapsplanane til Finanstilsynet blei oppdaterte i 2021.

Finanstilsynet heldt fram arbeidet med informasjons-tryggleik og svarte på spørjeundersøkingar frå Nasjonalt tryggingorgan (NSM – Nasjonal sikkerhetsmyndighet) om informasjonstryggleiken i verksemda og om styrings-systema for informasjonstryggleiken. Finanstilsynet heldt fram arbeidet med informasjonstryggleiken i 2021.

For å gjere medarbeidarane meir bevisste blei nasjonal tryggleiksmånad gjennomført, og kvar månad har tilsynet sendt ut e-læringskurs til alle tilsette for å auke kunnskapen om e-postbruk og faren for nettsvindel. Tilsynet har halde kurs og informasjonsmøte om IT-tryggleik og hatt andre opplæringstiltak for alle tilsette. Det har vore fleire phishing-øvingar for å teste dei tilsette sin kunnskap og bevisstheit omkring IT-sikkerheit og cyberangrep.

Finanstilsynet har nytta eit konsulentfirma for rådgiving og testing innanfor IT-tryggleik. Dette firmaet har òg sjekka styringssystemet med tanke på informasjons-tryggleik og gitt rettleiing for å fremje IT-tryggleiken i tilsynet.

Som følge av koronapandemien har det stort sett ikkje vore tilsette til stades i lokala til Finanstilsynet. Derfor blei det ikkje gjennomført brann-/evakueringsøvingar i samarbeid med Noregs Bank i 2021.



VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Risikoar i finansmarknadene

Aktiviteten i norsk og internasjonal økonomi tok seg raskt opp igjen etter det kraftige tilbakeslaget som blei utløyst av koronapandemien. Ein svært ekspansiv finans- og pengepolitikk, med eit historisk lågt rentenivå, bidrog i vesentleg grad til gjeninnhentinga og gav rask verdiauke i marknadene for eigedom, aksjar og obligasjonar. Høg prising i desse marknadene og høg gjeld gjer både norsk og internasjonal økonomi svært sårbar, og enkelte land og regionar er særleg utsette.

Geopolitisk uro utgjør ein betydeleg risiko for utviklinga i realøkonomien og finansmarknadene i tida framover. Det russiske angrepet på Ukraina i slutten av februar 2022 markerte ei dramatisk historisk vending. Krigshandlingane og dei økonomiske straffetiltaka og andre restriksjonar på økonomisk samkvem som krigen har ført til, kan få vidtrekkande økonomiske og finansielle konsekvensar. Globale finansmarknader kan bli råka av økonomisk nedgang, varemangel, cyberangrep og allmenn uro.

Høg gjeld i hushalda og høge eigedomsprisar er framleis dei viktigaste sårbarheitene i det norske finansielle systemet. Gjeldsbelastinga i hushalda er høg både historisk og samanlikna med andre land. Mange hushald har svært høg gjeld i forhold til inntekta og verdien på bustaden. Dei er sårbare ved inntektsbortfall, auka utlånsrenter og bustadprisfall. Dersom mange hushald samtidig må kjøpe færre varer og tenester, kan det få store negative ringverknader i økonomien og det finansielle systemet.

Høgare prisar på energi og råvarer og flaskehalsar i globale verdikjeder har saman med sterk finans- og pengepolitisk stimulans bidrege til aukande inflasjon i mange land. Inflasjonen i USA, Storbritannia og euroområdet er no langt over dei fastsette inflasjonsmåla. Etter pandemiutbrotet har fleire sentralbankar sett opp styringsrenta frå eit rekordlågt nivå eller varsla om høgare styringsrente, og dei store sentralbankane har varsla at dei vil byggje ned dei store obligasjonsbeholdningane sine. Rentenivået er venta å stige i åra framover.

Det er usikkert om den auka inflasjonen er forbigåande. Krigen i Ukraina kan bidra til ytterlegare prisoppgang, særleg på energi og råvarer. Dersom inflasjonen held fram eller aukar, kan det bli behov for ei kraftig pengepolitisk innstramming i mange land. Det vil i så fall påverke norsk økonomi og det norske finansielle systemet, som er sårbart ved sterk renteoppgang. Mange bankar kan få betydelege tap i eit slikt scenario. Finanstilsynet overvakar situasjonen i marknader og finansføretak og utarbeider analysar og gjennomfører stresstestar av føretaka.

Meir digitalisering

Finanssektoren er prega av rask digitalisering, driven av ny teknologi, nytt regelverk og nye aktørar og leverandørar. Utviklinga kan gi både finansnæringa og kundane store gevinstar, men medfører òg nye sårbarheiter. Eventuelle cyberangrep som rammar den finansielle infrastrukturen, kan få alvorlege konsekvensar. Dei tette samankoplingane i det finansielle systemet inneber at éi alvorleg hending kan føre til ei omfattande krise med fare for finansiell ustabilitet dersom ein ikkje klarer å avgrense konsekvensane. Finanstilsynet må, saman med andre aktuelle myndigheiter, bidra til robuste IT-system og gode beredskapsordningar for å redusere risikoen for digitale kriser og avgrense skadeverknadene desse kan få om dei inntreffer.

Blokkjedeteknologi, virtuelle valutaer og såkalla desentralisert finans utfordrar det tradisjonelle finansielle systemet. Slike teknologiar og marknader vil kunne påverke den finansielle stabiliteten og tilliten til finansmarknadene. Sidan dette er nye teknologiar og marknader, er det utfordrande å analysere utviklinga og risikoen. Det er teke fleire internasjonale initiativ for å regulere desse teknologiane og marknadene.

Tiltak mot kvitvasking og terrorfinansiering

Kvitvasking av pengar og terrorfinansiering kan innebære store samfunnskostnader. Førebygging krev tett samarbeid mellom myndigheiter og ulike næringar om handtering av risikoar, analysar og tiltak. Både i Noreg og internasjonalt er regelverket dei siste åra blitt stramma inn, tilsynsmetodikken er vidareutvikla, og tilsynet er blitt meir omfattande. Ei felles europeisk tilnærming, med utvikling av god tilsynspraksis og relevante sanksjonsmogleikheiter, bidreg i kampen mot denne typen kriminalitet. Det er venta at regelverket blir skjerpa, og at tilsynspraksisen vil bli ytterlegare harmonisert i Europa dei kommande åra.

Ulovleg verksemd

Ulovleg verksemd bidreg til å svekkje tilliten til finansmarknadene og representerer urimeleg konkurranse for føretak som driv i tråd med regelverket. Dei som driv ulovleg, kan vere aktørar som opererer utanfor eller i randsona av regulering og tilsyn, og som gir eit feilaktig inntrykk av å vere regulerte og under tilsyn. Nye digitale plattformer som utfordrar tradisjonelle forretningsmodellar, kan vere blant desse. Investorar og forbrukarar bør sjølve undersøkje om eit føretak er seriøst og

påliteleg, mellom anna ved å sjekke verksemdsregisteret til Finanstilsynet og marknadsåtvningar. Finanstilsynet følgjer opp ulovleg verksemd, mellom anna ved å krevje at verksemda blir stansa. Fleire saker blir melde til politiet.

Oppfølging av ulovleg verksemd er ofte ressurskrevjande arbeid, og Finanstilsynet må vurdere innsatsen opp mot tilsynet med føretak som har løyve, er regulerte og er under tilsyn.

Klimarisiko

Klimaendringane og overgangen til eit lågutslepps-samfunn inneber ei betydeleg omstilling av økonomien, med økonomiske tap i næringar og verksemdar som blir påverka negativt av endringane. Det kan òg påføre bankar og andre finansføretak tap. I tillegg er skadeforsikringsføretaka særleg eksponerte mot fysisk klimarisiko. Finanstilsynet forventar at finansføretaka i risikostyringa dekkjer alle vesentlege risikoar, inkludert klimarisiko.

Finanstilsynet har det siste året kartlagt korleis føretak arbeider med klimarisiko og berekraft. Sjølv om mange føretak har styrkt dette arbeidet vesentleg, er det eit hovudintrykk at føretaka må intensivere dette arbeidet for å etterleve dei nye EU-krava som er forventa å bli gjennomførte i norsk rett i nær framtid. For Finanstilsynet er det viktig å analysere korleis klimarisikoen kan påverke enkeltføretak og det finansielle systemet. Finanstilsynet vil vidareutvikle tilsynet og arbeidet med analysar og stresstestar på dette området.

Investorar og forbrukarar skal få rett informasjon om investeringsmoglegheiter, også for å kunne vurdere i kva grad investeringsprodukt kan knytast til mål for berekraft. Større interesse for grøne investeringsprodukt aukar òg risikoen for at verdipapir og fond blir marknadsførte som berekraftige utan at dei er det, såkalla grønvasking. Felleseuropeiske reglar om miljømål og klassifisering vil òg bli gjennomførte i Noreg.

Forbrukarvern

Solide og likvide finansføretak og velfungerande finansmarknader er grunnleggjande forbrukarinteresser. Forbrukarane skal ha eit godt vern når dei kjøper og sel finansprodukt og eigeidom. Dei skal kunne basere avgjerdene sine på god informasjon og nøytral rådgiving. Mange hushald har dei siste åra auka den finansielle risikoeksponeringa si kraftig ved å investere i aksjemarknaden, både ved direkte investeringar og gjennom pensjonssparing. I tillegg har mange unge begynt å investere i aksjar, og enkelte påverkarar i sosiale medium tilrår investeringar med høg risiko, som kjøp av kryptovaluta og såkalla vekstaksjar, til denne målgruppa.

Føretak som tilbyr investeringstenester, er underlagde viktige reglar om forbrukar- og investorvern. Personar som yter investeringsrådgiving eller gir opplysningar om finansielle instrument, investeringstenester eller tilknytte tenester, skal ha relevant kunnskap og kompetanse.

Finansmarknaden i EØS

Aktivitetane i finansnæringa og dei finansielle tenestene på tvers av landegrensene innanfor EØS er omfattande. Det felleseuropeiske finansregelverket er i aukande grad basert på fullharmonisering med avgrensa høve til nasjonal tilpassing, og det føreset omfattande harmonisering av tilsynspraksis i regi av dei felleseuropeiske tilsynsmyndigheitene. Regelverket blir stadig utvikla for å handtere endringar i marknadene og for å fremje europeisk integrasjon. Det er ressurskrevjande å gjennomføre, tolke og etterleve regelverket og felles tilsynsstandardar. Forvaltninga av regelverket og deltakinga i tilsynssamarbeidet krev alt mykje ressursar i Finanstilsynet, og omfanget av dette må forventast å auke i åra framover. Det er også eit aukande behov for rettleiing frå Finanstilsynet til føretak under tilsyn.

Eit effektivt finanstilsyn

Tilsynsverksemda til Finanstilsynet skal vere risiko-basert. Det er likevel gitte rammer som i stor grad gjer at Finanstilsynet har avgrensa høve til sjølv å prioritere i tråd med det risikobaserte tilsynet. Finanstilsynet må, innanfor rammene av regelverket, forpliktingar i EØS-samarbeidet, tildelte ressursar og spesifiserte krav i tildelingsbrevet frå Finansdepartementet, prioritere dei aktivitetane som samla sett bidreg mest til finansiell stabilitet og velfungerande marknader.

Kompetente medarbeidarar som kjenner finanssektoren godt, som følgjer regelverksutviklinga i EU og utviklar tilsynsmetodikken for nye finansielle tenester og marknader, og som analyserer risikobiletet og tendensane i marknadene, er viktige for at Finanstilsynet kan følgje utviklinga og drive eit risikobasert tilsyn.

I januar 2022 sette Finanstilsynet i gang eit digitaliseringsprosjekt som skal gå over fem år. Prosjektet skal bidra til å automatisere forvaltingsoppgåver, digitalisere tilsynsprosessar og gi meir effektiv rapportering og datafangst, betre analyseløysingar og meir datadeling. Formålet med prosjektet er å auke omfanget av og tempoet i digitaliseringsarbeidet.

Finanstilsynet arbeider kontinuerleg med å identifisere og setje i verk tiltak som kan gi ei betre og meir effektiv verksemd. Effektivisering og forenkling er nødvendig for at Finanstilsynet skal kunne gjennomføre nye ressurskrevjande oppgåver og samtidig vidareføre eit forsvarleg aktivitetsnivå på alle tilsynsområda.



ÅRSREKNESKAP

ÅRSREKNESKAP

Kommentar frå leiinga

Årsrekneskapen er lagd fram i samsvar med føresegnar om økonomistyring i staten, med tilhøyrande rundskriv og krav frå Finansdepartementet. Årsrekneskapen med notar gir eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigeidom og gjeld i Finanstilsynet i 2021.

Stortinget fastset utgifts- og inntektsbudsjettet til Finanstilsynet som ein del av statsbudsjettet. Budsjettet for 2021 til driftsutgifter (post 01) var opphavleg på 425,4 millionar kroner. Budsjettet blei seinare auka med 7,2 millionar kroner som kompensasjon for lønnsoppgjeret. Inkludert overførte midlar på 10,8 millionar kroner frå 2020 var den samla disponible utgiftsramma til drift 443,4 millionar kroner.

Delar av budsjettet til Finanstilsynet blir tildelt på post 45 *Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)*. Løyvinga er øymerkt IT-utviklingsprosjekt, og ubrukne midlar kan overførast til seinare budsjettår, uavhengig av driftsutgiftene. I budsjettet for 2021 blei det løyvd 19,8 millionar kroner, og saman med overførte midlar frå 2020 på 4,2 millionar kroner var den disponible utgiftsramma 24 millionar kroner. Digitaliseringsstrategien til Finanstilsynet viser satsingane for 2020–2022. Finanstilsynet har over lengre tid utvikla IT-system for å etterleve nye, omfattande felleseuropeiske regelverk og for å effektivisere og forbetre tilsynsverksemda. Arbeidet med å utvikle effektive rapporterings- og analyse-løysingar i integrasjon med fagsystema til Finanstilsynet har vart i fleire år og må halde fram også dei kommande åra for å handtere aukande oppgåver. Bruk av RPA-teknologi (Robotic Process Automation) for å effektivisere arbeidsprosesser var eit satsingsområde i 2021.

Løyvingsrapporteringa viser at utgiftene i 2021 summerte seg til 466,7 millionar kroner, ein nominell nedgang på 0,7 prosent frå 2020. I løyvingsrapporteringa inngår òg meirverdiavgift som er belasta nettoordninga for meirverdiavgift i staten. Mindreutgiftene for post 01 *Driftsutgifter* kom på i underkant av 13,8 millionar kroner, som Finanstilsynet har søkt overførte til 2022. Mindreutgifter for post 45 kom på 3,1 millionar kroner og er søkt overførte til 2022. Berekning av mindreutgifter går fram av note B.

Dei samla lønnsutgiftene var på 340 millionar kroner, som er 0,7 prosent meir enn i 2020. Utbetalingar til lønn utgjer 75,9 prosent av netto rapporterte driftsutgifter i 2021. Talet på utførte årsverk var berekna til 294 i 2021, mot 292 i 2020. Sjå nærmare omtale av talet på tilsette i Finanstilsynet på side 13. Den låge veksten i lønnsutgiftene kan forklarast med nedgang i pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Utgiftene til pensjonspremie var 36,8 millionar kroner i 2021, ein nedgang på 18,3 prosent frå 2020. Nærmare omtale av pensjonspremien går fram av prinsippnoten om årsrekneskapen på side 48.

Utbetalningar til investering og andre utbetalingar til drift (jf. artskontorrapportering) viser ein nedgang på 3 prosent frå 2020. Forklaringa er mellom anna knytt til koronapandemien og eit lågare forbruk på område som reise- og møteverksemd og drift av lokala. Nokre mindre driftsendringar, som å erstatte kjøp av tenester frå eksterne med å nytte egne tilsette, går fram av rekneskapen som utbetalingar på lønnspostar, og ikkje som utbetalingar til drift.

Finanstilsynet krev gebyr for kontroll av prospekt etter verdipapirhandelova, for behandling av konsesjon til å drive verksemd som betalingsføretak og e-pengeføretak, for behandling av løyve om å opptre som opplysningsfullmektig og for løyve etter inkassolova. Samla innbetaling var 14,3 millionar kroner i 2021, mot 11,2 millionar kroner i 2020. Meirinntekter samanlikna med budsjettet blei 1,7 millionar kroner og skriv seg frå at Finanstilsynet kontrollerte fleire og meir omfattande prospekt enn forventa i 2021. Gebyr for kontroll av prospekt var 14 millionar kroner i 2021, mot 10,7 millionar kroner i 2020.

Utgiftene til Finanstilsynet blir etter finanstilsynslova § 9 dekte av føretaka som er under tilsyn i budsjettåret. Etter lova skal utgiftene fordelast på dei ulike føretaksgruppene etter omfanget av tilsynsarbeidet. Det samla kravet om tilsynsavgift utgjorde 457 millionar kroner. Tilsynsavgifta blir fordelt på det enkelte føretaket etter utfyllande reglar i forskrift om utlikning av utgifter ved tilsyn. Etter føregåande høyring hos dei aktuelle bransjeorganisasjonane blei tilsynsavgifta sendt til føretaka under tilsyn for betaling i mai 2021. I alt 15 138 tilsyns-einingar var omfatta av utlikninga. Av desse var 86 utanlandske filialar. Den største tilsynsgruppa er rekneskapsførarar, med 11 852 einingar ved inngangen til 2021.

Vinningsavståing og gebyr for regelbrot blir rekneskapsførte under Finanstilsynet sitt inntektskapittel. Desse inntektene er ikkje del av grunnlaget for å rekne ut tilsynsavgifta. Til saman blei det betalt 427,8 millionar kroner i gebyr i 2021, mot 4,3 millionar kroner i 2020. Éin bank blei ilagd gebyr for regelbrot på 400 millionar kroner i 2021, og det forklarar den store auken frå året før.

Riksrevisjonen reviderer verksemda til Finanstilsynet. Revisjonsmeldinga for 2021 skal liggje føre innan 1. mai 2022 og vil bli publisert på nettstaden til Finanstilsynet.

Oslo, 28. februar 2022

Morten Baltzersen
finanstilsynsdirektør

Prinsippnote for årsrekneskapen

Årsrekneskapen er utarbeidd etter retningslinjer fastsette i punkt 3.4 i «Bestemmelser om økonomistyring i staten» og etter krav i rundskriv R-115 dagsett 17. desember 2019. Finanstilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet. Inntekter og utgifter blir rekneskapsførte når dei blir betalte. Rekneskapen følgjer kalenderåret og inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret. Utgifter og inntekter skal først i rekneskapen med brutto beløp.

Finanstilsynet betaler inn pensjonspremie til Statens pensjonskasse. Fram til 2020 blei premien berekna basert på forsikringsteknisk oppgjer og fondsoppfølging, der arbeidsgivaren sin del blei fastsett årleg. Frå 2021 følgjer Finanstilsynet føresegnene i rundskriv R-118 «Budsjettering og regnskapsføring av pensjonspremie for statlige virksomheter» fullt ut. Arbeidsgivaren betaler 12 prosentpoeng og arbeidstakaren 2 prosentpoeng av pensjongivande lønn. Finanstilsynet har i tillegg til denne prosenten betalt ei berekna underdekking frå det forsikringstekniske oppgjeret for 2019 på 8,06 millionar kroner (inkludert arbeidsgivaravgift). Til samanlikning blei det berekna 19,2 prosent pensjonspremie av pensjongivande lønn i 2020 og 18,65 prosent i 2019. Av dette betalte arbeidstakaren 2 prosentpoeng.

Finanstilsynet er tilknytt konsernkontoordninga til staten i Noregs Bank og har trekkrettar som svarer til Stortinget si løyving. Ved overgangen til nytt år blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa med notar viser løyvingane som Finanstilsynet har hatt til disposisjon, saman med rekneskapsopplysningane som er rapporterte til statsrekneskapen.

Skatteetaten ved Statens innkrevjingsentral er gitt belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, forutan kapittel 5580, post 70. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har gitt Finanstilsynet særskilt løyve til å fråvike kravet til framstilling av løyvingsrapporteringar, slik dei er fastsette i «Bestemmelser om økonomistyring i staten», punkt 3.4.3.2, ved å bruke fleire kolonnar. Rapporteringa frå Skatteetaten / Statens innkrevjingsentral går derfor fram av kolonnen «Postert av andre i samsvar med fullmakter». Det reelle avviket mellom løyvinga og rekneskapen går fram av kolonnen «Avvik frå tildeling». Løyve til å fråvike standard framstilling gjeld til og med rekneskapsåret 2025.

Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa med notar viser Finanstilsynet si rapportering til statsrekneskapen i 2021 etter standard kontoplan i rekneskapsåret med samanlikningstal for 2020.

Note 6 viser forskjellen mellom avrekninga med statskassen og mellomrekninga med statskassen. Avrekninga med statskassen viser summen av bokført beløp i fordringar og gjeld i kontospesifikasjonen til Finanstilsynet, medan mellomrekninga med statskassen viser fordringar og gjeld som er rapporterte til statsrekneskapen.

Tabell 10: Oppstilling av løyvingrapportering for rekneskapsåret 2021

Utgifts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2021	Meirutgift (-) og mindre- utgift	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
1602	Finanstilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	443 432 000	429 655 439	13 776 561		
1602	Finanstilsynet	45	Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	A, B	24 014 000	20 908 475	3 105 525		
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter			0	16 130 465		
Sum utgiftsført					467 446 000	466 694 379			

Inntekts- kapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2021	Meirinntekt og mindre- inntekt (-)	Postert av andre i samsvar med fullmakter	Avvik frå tildeling
4602	Finanstilsynet	03	Saksbehandlingsgebyr	A, B	12 588 000	14 060 000	1 472 000	266 258	1 738 258
4602	Finanstilsynet	86	Vinningsavståing og lovbrottsgebyr o.a.	A, B	413 500 000		0 -413 500 000	427 767 871	14 267 871
5580	Sektoravgifter underlagde Finans- departementet	70	Finanstilsynet, bidrag frå tilsynseiningane	A, B	454 810 000	1 617	-454 808 383	454 508 036	-300 347
5700	Folketrygda sine inntekter	72	Arbeidsgivaravgift SAP			0	41 884 535		
Sum inntektsført					880 898 000	55 946 152			

Netto rapportert til løyvingrekneskapen**410 748 227****Kapitalkontoar**

60050601	Noregs Bank KK / innbetalingar	26 080 929
60050602	Noregs Bank KK / utbetalingar	-443 043 506
716106	Endring i mellomverande med statskassen	6 214 351
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)

		31.12.2021	31.12.2020	Endring
716106	Mellomverande med statskassen	-14 329 021	-20 543 372	6 214 351

Note A Forklaring av samla tildeling

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingar i år	Samla tildeling
1601 01 Driftsutgifter	10 845 000	432 587 000	443 432 000
1601 45 Større nyanskaffingar og vedlikehald (IT)	4 214 000	19 800 000	24 014 000
4602 03 Saksbehandlingsgebyr		12 588 000	12 588 000
4602 86 Vinningsavståing og lovbrotsgebyr o.a.		413 500 000	413 500 000
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane		454 810 000	454 810 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre i samsvar med avgitte belastingsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastingsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Sum grunnlag for overføring	Maks overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
1602 01		13 776 561	0	13 776 561	0	13 776 561	21 629 000	13 776 561
1602 45	«Kan overførast»	3 105 525	0	3 105 525	0	3 105 525	43 900 000	3 105 525

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 prosent av årets løyving på driftspostane 01–29, bortsett frå post 24, eller summen av dei siste to åra med løyving for postar med stikkordet «kan overførast».

Opplysningar om avgitte belastingsfullmakter på inntektskapittel

Kapittel og post	Meirinntekt og mindreinntekt (-)	Inntektsført av andre etter avgitte belastingsfullmakter (+)	Meirinntekt og mindreinntekt (-) etter avgitte belastingsfullmakter
4602 03 Saksbehandlingsgebyr	1 472 000	266 258	1 738 258
4602 86 Vinningsavståing og lovbrotsgebyr o.a.	-413 500 000	427 767 871	14 267 871
5580 70 Bidrag frå tilsynseiningane	-454 808 383	454 508 036	-300 347

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottekne belastingsfullmakter

Finansdepartementet gav i brev dagsett 21. mars 2000 (dåverande) Kredittilsynet fullmakt til å behandle og avgjere erstatningssaker som gjeld beløp under 250 000 kroner. Andre vilkår går fram av Justis- og beredskapsdepartementet sitt rundskriv G-01/2017 «Erstatningskrav mot staten – belastning av budsjettkapittel 471, post 71 og frafall av foreldelsesinnsigelse». Finanstilsynet nytta ikkje denne fullmakta i 2021.

Stikkordet «kan overførast»

Løyving til Finanstilsynet på post 45 er tildelt med stikkordet «kan overførast». Løyvinga på posten omfattar utviklingstiltak for IT-systema.

Avgitte belastingsfullmakter (rekneskapsført av andre)

Finanstilsynet har gitt Skatteetaten ved Statens innkrevjingsentral belastingsfullmakt på kapittel 4602, postane 03 og 86, og på kapittel 5580, post 70.

Fullmakt til å overskride driftsløyvingar mot tilsvarende meirinntekter

Finanstilsynet fekk ikkje meirinntektsfullmakt i 2021.

Mogleg overførbart beløp

Mindreutgifter på post 01 er berekna til 13 776 561 kroner. Beløpet er under grensa for overføring på 5 prosent av årets tildeling på post 01, og heile beløpet blir rekna som mogleg å overføre til 2021. Heile den ubrukke løyvinga på post 45 på 3 105 525 kroner kan overførast etter søknad.

Tabell 11: Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2021

	Note	2021	2020
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	14 060 000	11 044 000
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	0	0
Sals- og leigeinnbetalningar	1	0	0
Andre innbetalningar	1	0	0
Sum innbetalningar frå drift		14 060 000	11 044 000
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	340 031 000	337 766 335
Andre utbetalningar til drift	3	108 037 709	111 365 284
Sum utbetalningar til drift		448 068 709	449 131 619
Netto rapporterte driftsutgifter		434 008 709	438 087 619
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetaling av finansinntekter		0	0
Sum investerings- og finansinntekter		0	0
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	4	2 495 205	3 447 975
Utbetaling til kjøp av aksjar	4	0	0
Utbetaling av finansutgifter		0	0
Sum investerings- og finansutgifter		2 495 205	3 447 975
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 495 205	3 447 975
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	5	1 617	42 591
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten		1 617	42 591
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader		0	0
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		0	0
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		0	0
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		41 884 535	41 608 107
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		16 130 465	17 217 398
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		-25 754 070	-24 390 709
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		410 748 227	417 102 294
Oversikt over mellomverande med statskassen			
Eigedelar og gjeld		2021	2020
Fordringar på tilsette		24 998	10 000
Kontantar		0	0
Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank	6B	0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-14 240 149	-13 127 239
Skyldige offentlege avgifter		-113 870	-117 235
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		0	-7 308 898
Sum mellomverande med statskassen	6	-14 329 021	-20 543 372

Note 1 Innbetalinger frå drift	31.12.2021	31.12.2020
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
Prospektkontrollgebyr	13 970 000	10 744 000
Gebyr betalings- og e-pengeføretak	90 000	270 000
Gebyr opplysningsfullmektig	0	30 000
Sum innbetalinger frå gebyr	14 060 000	11 044 000
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringer</i>		
Sum innbetalinger frå tilskot og overføringer	0	0
<i>Sals- og leigeinnbetalinger</i>		
Sum sals- og leigeinnbetalinger	0	0
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sum andre innbetalinger	0	0
Sum innbetalinger frå drift	14 060 000	11 044 000

Note 2 Utbetalinger til lønn	31.12.2021	31.12.2020
Lønn	264 416 738	251 921 252
Arbeidsgjivaravgift	41 884 535	41 608 107
Pensjonsutgifter	36 825 035	45 076 045
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-8 267 031	-6 499 391
Andre ytingar	5 171 723	5 660 322
Sum utbetalinger til lønn	340 031 000	337 766 335
Tal på utførte årsverk	294	292

Talet på utførte årsverk er berekna etter personalmelding PM-2019-13: Definisjon av utførte årsverk.

Note 3 Andre utbetalinger til drift	31.12.2021	31.12.2020
Husleige	19 260 416	19 125 207
Vedlikehald egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	223 966	1 716 714
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	5 812 819	7 491 109
Reparasjon og vedlikehald av maskinar, utstyr o.a.	330 990	1 085 412
Kjøp av mindre utstyr	623 740	655 368
Leige av maskinar, inventar og liknande	14 007 466	13 129 577
Kjøp av konsulenttenester	23 122 850	27 035 309
Kjøp av andre framande tenester	19 109 550	17 861 307
Reiser og diett	267 250	1 485 509
Andre driftsutgifter	25 278 662	21 779 771
Sum andre utbetalinger til drift	108 037 709	111 365 284

Note 4 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar	31.12.2021	31.12.2020
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	280 000	0
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	0	0
Infrastruktureigedelar	0	0
Maskinar og transportmiddel	0	0
Driftslausøyre, inventar, verktoy og liknande	2 215 205	3 447 975
Sum utbetalt til investeringar	2 495 205	3 447 975
<i>Utbetaling til kjøp av aksjar</i>		
Kapitalinnskot	0	0
Obligasjonar	0	0
Investeringar i aksjar og partsdelar	0	0
Sum utbetalt til kjøp av aksjar	0	0

Note 5 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	31.12.2021	31.12.2020
Bidrag frå tilsynseiningane	1 617	42 591
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	1 617	42 591

Note 6 Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen

Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen		31.12.2021 Spesifisering av bokført avrekning med statskassen	31.12.2021 Spesifisering av rapportert mellomverande med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler	Investeringar i aksjar og partsdelar	0	0	0
	Obligasjonar	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidlar	Kundefordringar	0	0	0
	Andre fordringar	24 998	24 998	0
	Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
	<i>Sum</i>	24 998	24 998	0
Langsiktig gjeld	Anna langsiktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld	Leverandørgjeld	-672 447	0	-672 447
	Skyldig skattetrekk	-14 240 149	-14 240 149	0
	Skyldige offentlege avgifter	-128 975	-113 870	-15 104
	Anna kortsiktig gjeld	0	0	0
	<i>Sum</i>	-15 041 571	-14 354 019	-687 551
Sum	-15 016 573	-14 329 021	-687 551	

Del B Spesifisering av investeringar i aksjar og selskapsdelar

	Kjøpsdato	Tal på aksjar	Eigardel	Stemmedel	Årets resultat i selskapet	Balanseført eigenkapital i selskapet	Balanseført verdi i rekneskapen
<i>Innskot</i> OBOS Banken, konto 9820.17.90980						1 374 138	
Balanseført verdi 31.12.2021						1 374 138	

Innskotelte på konto 9820.17.90980 tilhører Boligbyggelagenes sikringsfond.

FINANSTILSYNET

Revierstredet 3
Postboks 1187 Sentrum
0107 Oslo

Telefon 22 93 98 00
post@finansstilsynet.no
finansstilsynet.no





FINANSTILSYNET
Org. nr.: 840747972

Riksrevisjonens beretning

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Finanstilsynets årsregnskapsoppstillinger for regnskapsåret 1. januar - 31. desember 2021. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering og noter, herunder sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 410 748 227 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening:

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav, og
- årsregnskapsoppstillingene gir et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2021 og kapitalposter per 31. desember 2021, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen*, *instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2899). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for informasjonen i øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av ledelseskomentarene (i del VI) og annen øvrig informasjon (del I–V) i årsrapporten. Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige

informasjonen, årsregnskapsoppstillingene og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

Ledelsens, styrets og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapsoppstillingene

Ledelsen og styret er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapsoppstillingene som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen og styret er også ansvarlige for slik intern kontroll som de finner nødvendig for å kunne utarbeide årsregnskapsoppstillingene som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet og styret har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

Riksrevisjonens oppgaver og plikter

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar basert på årsregnskapsoppstillingene.

Som en del av revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Vi kommuniserer med ledelsen og styret blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelserevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapsoppstillingene som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapsoppstillingene og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 20.04.2022

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén
ekspedisjonssjef

Ole Husebø Schøyen
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt